


Detaljregulering for barnehage Rossnesvegen gnr./bnr. 65/275 m.fl., Fitjar kommune

PlanID 4615_202102

Plandokument: 31.05.2022

Planomtale med konsekvensvurdering og ROS-analyse



Innhold

1	BAKGRUNN	3
1.1	FØREMÅL MED PLANARBEIDET	3
1.2	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	3
1.3	VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR	5
1.4	TIDLEGARE VEDTAK I SAKA	5
1.5	UTBYGGINGSAVTALAR.....	5
2	PLANPROSESSEN	6
2.1	PLANPROSESSEN	6
2.2	MEDVERKNAD.....	6
3	PLANSTATUS OG FØRESETNADAR	7
3.1	OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR	7
3.2	GJELDANDE KOMMUNEPLAN	8
3.3	GJELDANDE REGULERINGSPANAR	8
4	UTGREIINGSTEMA	10
4.1	TOPOGRAFI OG LANDSKAP	10
4.2	LOKALKLIMA	11
4.3	ESTETISK OG KULTURELL VERDI.....	11
4.4	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	13
4.5	NATURVERDIAR	13
4.6	REKREASJONSVERDI/-BRUK/GRØNSTRUKTUR, UTEOMRÅDE, AREAL TIL LEIK.....	14
4.7	LANDBRUK.....	14
4.8	TRAFIKKILHØVE	15
4.9	BORN OG UNGE	17
4.10	SOSIAL INFRASTRUKTUR.....	17
4.11	UNIVERSELL TILGJENGE	17
4.12	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	18
4.13	GRUNNTILHØVE.....	18
4.14	STØYTILHØVE	20
4.15	LUFTFORUREINING	21
4.16	RISIKO- OG SÅRBARHEIT FOR EKSISTERANDE SITUASJON	21
4.17	NÆRING.....	25
4.18	ANALYSER/UTREDNING	25
4.19	EIGEDOMSTILHØVE.....	25
5	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	26
5.1	PLANLAGD AREALBRUK.....	26
5.2	AREALFØREMÅL.....	28
5.3	BYGNINGANE SI Plassering og utforming.....	29
5.4	PARKERING	31
5.5	TILKNYTING TIL INFRASTRUKTUR	31
5.6	TRAFIKKLØYSING	31
5.7	MILJØPPFØLGING	32
5.8	UNIVERSELL UTFORMING	32
5.9	UTEOPPHALDSAREAL	32
5.10	LANDBRUKSFAGLEGE VURDERINGAR	34
5.11	PLAN FOR VASS- OG AVLØP OG DESSUTAN TILKNYTING TIL OFFENTLEG NETT	34
5.12	PLAN FOR RENOVASJON.....	34
5.13	AVBØTANDE TILTAK/LØYSINGAR, JF. ROS	34
5.14	REKKEFØLGJEKRAV	35

6	KONSEKVENSGREIING	36
6.1	METODE OG PLANALTERNATIV.....	36
6.2	LANDBRUK.....	37
6.3	TRAFIKK/TILKOMST	39
6.4	SAMFUNNSVERKNADER.....	41
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	44
7.1	OVERORDNA PLANAR.....	44
7.2	LANDSKAP/TERRENG	46
7.3	STADEN SIN KARAKTER	46
7.4	UTFORMING OG ESTETIKK	47
7.5	EIGEDOMSINNGREP	47
7.6	OMSYN TIL NABOAR	47
7.7	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	47
7.8	NATURMANGFALD	47
7.9	REKREASJONSINTERESSER/FRILUFTSLIV	48
7.10	UTEOMRÅDE.....	49
7.11	UNIVERSELL UTFORMING OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.....	51
7.12	FOLKEHELSE.....	51
7.13	ENERGIBEHOV- OG FORBRUK.....	51
7.14	ROS.....	51
7.15	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	54
7.16	ØKONOMISKE KONSEKVENSGAR FOR KOMMUNEN	54
7.17	INTERESSEMOTSETNINGAR	54
7.18	AVVEGING AV VERKNADER	54
8	INNKOMNE MERKNADAR TIL OPPSTART	55
9	VEDLEGG	57

1 Bakgrunn

1.1 Føremål med planarbeidet

Hovudsiktemålet med planen er å regulere areal for ny kommunal barnehage i Fitjar kommune.

Intensjon med planarbeidet å følgje opp nyleg vedteken sak i kommunestyret om tomteplassering av ny kommunal barnehage. Det skal setjast av areal til bruk for barnehage med tilhøyrande infrastruktur. Det må sjåast på tilhøva til kringliggjande landbruksareal, tilkomst for gåande og køyrande, samt samfunnsverknadane av valde plassering. Barnehagen skal ha plass til inntil 61 barn.

Det er nytta ny mal for planomtale med KU, utarbeidd av interkommunalt samarbeid i Sunnhordland.


Lokalisering	Ved innkøyringa til Rosneset Fitjar kommune
Gjeldande planstatus	Landbruk/LNFR i reguleringsplan for Hamn og kommuneplan
Planområdets storleik	16 daa
Tiltakshavarar	Fitjar kommune
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Skisseprosjekt/arkitekt	Vis-a-vis
Hovudføremål med ny plan	Kommunal barnehage
Aktuelle problemstillingar	Landbruk, trafikk/tilkomst, samfunnsverknader
Krav om konsekvensutgreiing	Ja, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 8 jf. § 10
Oppstartsmøte	11.06.2021
Planinitiativ/prinsippøknad	Sak 55/21, 16.07.2021
Varsel om oppstart	06.08.2021 – 06.09.2021

1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet er om lag 16 daa og ligg om lag 1,6 km frå Fitjar sentrum, ved innkøyringa til Rosneset. Området ligg i ei nordvendt skråning, nord for Rosnesvegen. Området består av landbruksareal, for det meste innmarksbeite. Planavgrensinga er synt i figur nedanfor. Følgjande eigedomar ligg innanfor planområdet: delar av gnr./bnr. 65/275, 65/2 og 65/311



Figur 1 Lokalisering av planområdet



Figur 2 Forslag til planavgrensing v/oppstart

1.3 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, utan planprogram, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 8 jf. § 10.

- §6. Ikkje aktuell.
- §7. Ikkje aktuell.
- §§ 8 og 10. Planar som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn, men ikkje ha planprogram. I planinitiativet er forholda til §§ 8 og 10 vurdert. Tiltaket går inn under vedlegg II, 11; Andre prosjekt, j): Næringsbygg, herunder kjøpesenter som ikkje inngår i pkt. 10 b), bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg for allmennyttige formål. Planen skal ikkje ha planprogram.

Aktuelle tema for KU er landbruk, trafikk/tilkomst og samfunnsverknadar, i tillegg skal tema som naturmangfald, landskap, friluftsliv/nærmiljø/folkehelse, kulturminne/miljø, naturressursar, utforming og estetikk, barn- og unge sine interesser vurderast i planarbeidet.

1.4 Tidlegare vedtak i saka

Oppstartsmøte er gjennomført 11.06.2021. Plansaka er handsama av ordførar på sommarfullmakt frå kommunestyret, med vedtak på at det kan meldast oppstart av planen (Sak 37/21, 09.07.2021).

1.5 Utbyggingsavtalar

Privatrettslege avtalar

Fitjar kommune har inngått avtale om overtaking/kjøp av arealet for barnehagetomta. Vi kjenner ikkje til andre privatrettslege avtalar som har tyding for gjennomføring av reguleringsplanen.

Kommunale kostnader – teknisk infrastruktur

Fitjar kommune er tiltakshavar og kostnader for gjennomføring av planen vil verta kommunale. Tiltaket er lagt inn i budsjettet for Fitjar kommune.

2 Planprosessen

2.1 Planprosessen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen den 11.06.2021. Planinitiativ er dagsett 22.06.2021. Plansaka er handsama av ordførar på sommarfullmakt frå kommunestyret, med vedtak på at det kan meldast oppstart av planen (Sak 37/21, 09.07.2021).

2.2 Medverknad

Oppstartsmelding vart varsla den 06.08.2021, med frist for merknader den 06.09.2021. Det kom i alt 6 merknader til varsel om oppstart, som er summerte opp og kommentert i kapitel 8.

I denne saka har ein ikkje sett behov for medverknad ut over dei lovpålagde rundane då det tidlegare har vore fleire rundar med avklaringar i høve plassering av barnehagen. Her har det vore brei medverknad og innspel frå tilsette og FAU i barnehagen, samt frå nærliggande barnehagar og andre interessegrupper. Det har og vore nedsett ei arbeidsgruppe i samband med arkitektkonkurranse for barnehagen. I denne gruppa har styrar og verneombod for tilsette i barnehagen vore med, saman med administrasjonen i kommunen.

2.2.1 Avklaringar med offentlege mynde

Det har vore undervegs møte med Fitjar kommune 01.11.2021. Det har ikkje vore dialog med regional mynde undervegs i planarbeidet.

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN MED KONSEKVENsutGREIING

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av **detaljregulering for barnehage Rosnesvegen gnr./bnr. 66/275. – Fitjar kommune (Planid 202102).**



Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for ny kommunal barnehage med tilhøyrande infrastruktur. Området ligg som LNF-areal i gjeldande reguleringsplan og kommuneplanen. Det skal difor gjennomførast konsekvensutgreiing for å klargjera verknadane av tiltaket med tanke på landbruk, trafikk/tilkomst og samfunnsverknadar av vald plassering. Tiltakshavar er Fitjar kommune.

Planområdet er om lag 15 daa, og omfattar følgjande eige-domar: del av gbnr. 65/275, 65/2 og 65/311. Plan-grensa vil i løpet av prosessen verta tilpassa og ev. redusert til det som er nødvendig.

Sjå ABO Plan & Arkitektur sin nettstad for meir informasjon, der de òg finn referat i frå oppstartsmøte: <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Merknader skal sendast skriftleg innan **06.09.2021** til: ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord eller poststord@abo-ark.no / hageberg@abo-ark.no

Alle mottatte dokument, merknader o.l. følgjer planforslaget når det vert oversendt kommunen for handsaming

ABO
PLAN &
ARKITEKTUR

Figur 3: Oppstartsannonse i avisa Sunnhordland

3 Planstatus og føresetnader

3.1 Overordna planar og føringar

3.1.1 Nasjonale føringar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovene, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føresett at desse er ivaretekne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 14.5.19
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, kgl.res. 26.9.14
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kgl. res. 28.05.21
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kr. pr.res. 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

3.1.2 Regionale føringar

- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan
- Regional klima- og energiplan. Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Rammeplan 2013 - 2016 avkøyrsløse og byggegrense
- Regional transportplan - revidert handlingsprogram for 2015 - 2017
- Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020

3.1.3 Kommunale føringar/temaplanar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040
- Kommuneplanen sin arealdel, 2012
- Trafikktryggingssplan 2021-2031 (høyringsversjon).
- Risiko og sårbarheitsanalyse ROS, Stord og Fitjar. 2014
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030
- Landbruksplan Stord og Fitjar 2018
- Barnehageplanen 2020 – 2030
- Kulturminneplan 2015 - 2025

3.2 Gjeldande kommuneplan

Nyleg vedteken samfunnsdel for Fitjar kommune, 2020-2040, er eit overordna og langsiktig styringsdokument som skal legge til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal vera ein plan med særskilt fokus på folkehelsa, klima- og miljø og barn- og unge. Hovudvekta av vekst i kommunen har i dei siste åra vore i områda kring sentrum og Selevik. I planen er det fokusert på levande sentrum og bulyst, der sentrumsutvikling, grøn mobilitet og friluftsliv er viktige tema. Fitjar skal vera *Den grønne kommunen* med ambisiøse klimamål og berekraftig arealforvaltning.


I gjeldande kommuneplan (2011 - 2022) er planområdet sett av til område der reguleringsplan framleis skal gjelda, reguleringsplan Hamn (2014). Delar av området er i kommuneplan for Fitjar synt som LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.



Figur 4. Utsnitt frå gjeldande kommuneplan 2011 – 2022..

3.3 Gjeldande reguleringsplanar

Det er utarbeida detaljreguleringsplan for Hamn, del av gnr. 65, 67 og 68 (2014). Plan for Hamn regulerer areala til landbruksformål, friluftformål og anna veggrunn



Figur 5: Utsnitt frå gjeldande detaljreguleringsplan for Hamn

3.3.1 Planar som skal erstattast

Delar av detaljregulering for Hamn, del av gnr. 65, 67 og 68 vil verta oppheva som del av planarbeidet, jf. plan- og bygningslova §12-14.

3.3.2 Tilgrensande planar som er i gang i nærleiken og som har innverknad på saka

Ein er ikkje kjent med at det er sett i gang arbeid med nye planar i nærleiken av planområdet.


4 Utgreiingstema

I dette kapitlet vert dagens status og ressursar i tilknytning til planområdet og nærområdet vurdert. Informasjonen er henta ut frå offentlege databasar og synfaring i området.

4.1 Topografi og landskap

I det nasjonale referansesystemet for landskapsregionar inngår planområdet i Kystbygdene på Vestlandet, brede fjordar og opne fjordmunningar. Fitjarvika ligg i landskapsverdi 3. Området er del av beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsida av større øyer eller i kystslette innover mot fjordane som i større grad er skjerma for bølge- og vindeksponering frå opent hav. Landområda har «innlandseigenskap» i form av førekomst av vassdrag og auka arealbruksintensitet. Områda høyrer til den meir kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Landskapet er tydeleg prega av menneskeleg arealbruk, med større tettstad, småby eller konsentrasjon av fritidsbusetnad med høg bygningstettheit.

Tiltaksområdet ligg i ei nordvendt skråning. Området hallar frå vegen og ned mot landbruksarealet i Breidvika og sjøen. Her er noko skog øvst mot vegen, og meir opent landbruksarealet mot nord og aust. Terrenget stig opp mot Storhaugen i sør-vest. I sør-aust, sør for Rosnesvegen ligg idrettsplassen noko skjerma av ein liten kolle. Landskapet er ope og fritt med gode soltilhøve. Delar av området er etter kvart noko tilvakse med kratt og skog.



Figur 6: Utsnitt 3D landskap, sett frå nord, kjelde: kommunekart.no



Figur 7: Utsnitt 3D landskap, sett frå aust. Kjelde: kommunekart.no



Figur 8: Bilete frå området, sett frå aust

4.2 Lokalklima

Soltilhøva er gode i området, vinterstid kan det vera noko redusert solinnfall på delar av området. Dette kan kompenseras ved bygningsplassering og opparbeiding og plassering av uteområdet.

Området kan vera noko utsett for nordavind. Dette kan kompenseras med fornuftig planlegging av bygningar og uteområde.

4.3 Estetisk og kulturell verdi

Området er eit landbruksareal og har vore nytta til beiteområde i tidlegare tider. I den seinare tid har det ikkje vore beitande dyr i området, og det har byrja å gro igjen med kratt og småskog over store delar av området. Områda lengst mot nordvest har eldre furuvegetasjon.



Figur 9: Flyfoto 2013



Flyfoto 2020, kjelde 1881.no

Området har verdi som overgangssone mellom utbygd område og landbruksareal i nord mot Breivika.



Figur 10: Bilete inn i området – mot nordaust

4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø, SEFRAK-registrerte bygningar eller verna bygningar innanfor planavgrensinga. Søk vart gjort i Askeladden.

Det går ein steingard i eigedomsgrensa mot aust.


I Breidvika nord for området er det registrert eit Kystgardsmiljø med våningshus frå ca. 1850 og røykstove frå 1600-talet, desse er kommunalt listeført. Om lag 350 meter sør for området er det registrert eit automatisk freda arkeologisk gravminne frå bronsealder – jernalder.



Figur 11: Utsnitt frå Naturbase - registrerte Sefrak-bygningar utanfor planområdet.

4.5 Naturverdiar

I Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase, er det per januar 2022 ingen verneområde innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er ingen registrerte oppføringar for utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova.



Delar av planområdet, i sør-vest, går inn i eit registrert yngleområde for fiskemåke. Registreringa er gjort i 2003 – før Rossnesfeltet vart utbygd. Fiskemåke er registrert som trua art – sårbar (VU) i norsk rødliste 2021. Det er ingen registrerte naturtypelokalitetar etter Miljødirektoratet si handbok 13 innanfor planområdet. Den næraste viktige naturtypen ligg om lag 600 meter søraust for planområdet og er av type rik kulturlandskapssjø, registrert som lokalt viktig. Tjørna ligg på motsett side av fylkesvegen. Her er det og registrert yngleområde for fiskemåke. I Artsdatabanken si teneste Artskart er det nokre registreringar av den framande arten gyvel (SE) i nærleiken til planområdet.

Figur 12: Registrert yngleområde for Fiskemåke – plangrensa synt med stipla linje,


Kjelde: Naturbase

4.6 Rekreasjonsverdi/-bruk/grønstruktur, uteområde, areal til leik

Miljødirektoratet har kartlagt viktige friluftsområde i Norge. Mindre delar sør i planområdet ligg innanfor eit kartlagt friluftslivsområde av typen nærturterreng - Rossneset. Områdeverdien er vurdert som svært viktig. Området har god tilgjenge og ganske mange opplevingskvalitetar. Området er eit skogsområde med stiar og eit friluftsliv-konsulat som vart opna i 2015. Rett sør for området, på sørsida av Rossnesvegen ligg idrettsbane, dette området er kartlagd som eit svært viktig leke- og rekreasjonsområde – idrettsanlegg. Området har stor brukarfrekvens med høg grad av tilrettelegging.

Planområdet er i dag urørt naturområde som tidlegare har vore nytta til beiteland. Området ligg tilgrensande opp mot Storhaugen og det går fleire stiar i nærleiken av området.

Innanfor planområdet er det ikkje registrert stiar eller stader som er i bruk til friluftsføremål. Sørlege del av planområdet går inn i det kartlagde friluftsområdet.



Figur 13: Utsnitt av kartlagd friluftsområde, plangrensa i blått, kjelde: Fylkesatlas


4.7 Landbruk

I følge NIBIOs Kilden består store delar av planområdet av innmarksbeite, delar av arealet er registrert som open fastmark. Arealet er i dag ikkje nytta til beiteland, og er registrert i NIBIO som jordbruksareal ute av drift, arealet vert meir og meir attgrodd av kratt og småskog. Tilgrensande areal i nord er fulldyrka jord, som vert driven. I aust er det registrert noko skogsareal og innmarksbeite. Vest for arealet er det open fastmark og skog opp mot Storhaugen.



Figur 14: Bilete frå området

Arealfordelinga på eigedomen består av 19 daa innmarksbeite, 54 daa produktiv skog, 69 daa anna markslag og 30 daa bebygd areal.




Figur 15: Utsnitt AR5 Arealtype, kjelde: Fylkesatlas

4.8 Trafikktilhøve

4.8.1 Køyretilkomst

Planområdet vil få tilkomst frå kommunal veg, Rossnesvegen. Denne har tilkomst frå kryss med fv. 545 Sandvikvågvegen. Standarden på Rossnesvegen er god, det er ein samleveg med breidde 6,0 m og fartsgrense 40 km/t. Kryssområdet med fv. 545 er godt dimensjonert i tråd med vegnormalane, og vil ikkje krevje utbetringar.



Figur 16: Vegprofil Rossnesvegen

4.8.2 Vegsystem

Det må etablerast ny avkøyrsløse til barnehagen. Denne vil verta liggjande i yttersving, og må dimensjonast med frisikt og stigningstilhøve i høve vegnormalane.

4.8.3 Trafikkmengd

Statens vegvesen sitt Vegkart syner at det er ein årsdøgntrafikk, ÅDT på 1300 på fv. 545, sør for kryss med Rossnesvegen, og ÅDT på 1100 nord for kryss med Rossnesvegen. Det er 10 % del lange køyretøy (2020). Det er ikkje utført målingar av trafikkmengda på Rossnesvegen. Vegen er dimensjonert for bustadfeltet som er under etablering, samt for ein barnehage inst i feltet.

4.8.4 Ulukkesituasjon

Det er ikkje registrert ulykker i kryssområdet med Rossnesvegen. Det er registrert ei ulykke i nærleiken, ved Sandvikvågvegen, dette var i 1988, og før kryssområdet vart opparbeida. Det har vore fleire ulykker på strekinga langs fv. 545, både sør og nordover. Dette er ulike ulykker med utforkøyring. Det er ikkje registrert ulykker i Rossnesvegen.

4.8.5 Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Det er etablert gang- og sykkelveg på sørsida av Rossnesvegen, frå kryss med Fv. 545, Sandvikvågvegen, og vidare forbi tiltaksområde inn i bustadfeltet. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar på nordsida av vegen. Det er etablert eit kryssingspunkt med oppmerka gangfelt vest for idrettsbanen. Dette er ei etablert kryssing i samband med intern gangveg frå idrettsbanen og vidare til turvegssystem i tilgrensande friområde.



Figur 17: Eksisterande kryssingspunkt i Rossnesvegen

4.8.6 Kollektivtilbod

Det er kollektivtrafikk langs fv. 545. Her er det opparbeida busstopp i samband med kryssområdet i begge retningar. Det er fleire avgangar dagleg forbi området.

4.8.7 Parkering

Kommuneplanen sin arealdel gir ikkje føringar for parkeringsdekning for barnehagar. Det er lagt til grunn i arkitektkonkurransen at det skal opparbeidast om lag 30 parkeringsplassar til barnehagen. I nærleiken av barnehagetomta ligg idrettsbanen, og parkeringsareal i tilknytning til denne. Ved større arrangement i barnehagen kan dette parkeringsarealet nyttast.

4.9 Born og unge

Vi kjenner ikkje til at området er nytta av born og unge i dag. Området ligg som eit skrånande terreng ned mot dyrka mark, og er begynt å verta gjengrodd av småkratt og tre. Tilgrensande område i sør-vest er tilrettelagt turområde med stiar og mindre plassar for leik og utfolding i naturen. Dette området er mykje i bruk til tur og rekreasjon for bebuarar i nærområdet, samt barnehagen som ligg i nærleiken. Området er tilrettelagt med turstiar og det er opparbeida mindre plassar for sitjegrupper, leik og bålplassar. Sør for planområdet ligg idrettsbanen. Nord for området ligg Breidvika, her er det tilgang til sjø og sjønære areal.

Nærområdet til planområdet er eit eldorado for utflukter i skog, mark og sjønære område, samt kort veg til meir opparbeida areal som idrettsanlegg og eksisterande leikeplassar i Rossnesfeltet. Det er og gangavstand frå barnehagen til kulturhuset og bibliotek, samt til sentrumsområdet med butikkar og kommunesenter.

4.10 Sosial infrastruktur

4.10.1 Skulekapasitet

Området soknar til Rimbareid skule, det er om lag 1,4 km i luftline til skulen.

4.10.2 Barnehagedekning

Det er god barnehagedekning i området. Fitjar sokneråds barnehage, Bakken, ligg i nærområdet, om lag 300 meter sør for planområdet. Eksisterande kommunal barnehage har vore etablert i Fitjarstølane bustadfelt, om lag 500 meter i luftlinje sør-aust for ny plassering. Denne vert erstatta med ny planlagt barnehage etter utbygging.

4.10.3 Anna

Plassering av barnehage i Rossnesfeltet.

Reguleringsplan for Hamn syner avsett areal til bruk for offentleg føremål – barnehage. Dette arealet er sett av inst i bustadfeltet. Denne plasseringa var ei av dei vurderte tomteplasseringane i tomtestudien. Arealet vart ikkje vurdert som tilstrekkeleg eigna på grunnlag av meirtrafikk inn i bustadfeltet. Ved å plassere barnehagen i tilknytning til innkøyringa til feltet oppnår ein å redusere ekstrakøyring i eit bustadområde. Plasseringa er og nærare knytt opp mot hovudferdselsåra Sandvikvågvegen og kollektivtrafikken her, nærare sentrum og fasilitetane her samt, nærare eksisterande bustadområde.

4.11 Universell tilgjenge

I regjeringa sine handlingsplanar for personar med nedsett funksjonsevne er målet full deltaking og likestilling. Universell utforming er valt som strategi for å byggje ned fysiske barrierar. Prinsippa for universell utforming av bygg og utomhusareal skal leggjast vekt på. Begrepet kan forklarast som utforming av bygningar, omgjevnader og produkt på ein slik måte at dei i så stor grad som mogleg kan brukast av alle menneske utan særskild tilpassing.

Planområdet skrar frå vegen og nedover mot nord. Utomhusarealet til barnehagen skal vera universelt tilgjengeleg frå parkeringsarealet. Barnehagebygget og uteområdet skal vera universelt tilgjengeleg. Det er og viktig med universell tilkomst til kringliggjande infrastruktur i samband med turmoglegheiter og leikeareal for barnehagen.

4.12 Teknisk infrastruktur

4.12.1 Vatn og avløp

Det er kommunalt vatn- og avløpsanlegg i tilgrensande området som ein kan kopla seg på. Påkoplingspunkt er ved idrettsbanen i sør. Avløpsvatnet må pumpast opp til høgbrekket. Det er kapasitet til sløkkjevatn. Overvatnet må handsamast lokalt på området, og førast til terreng.

4.12.2 Trafo

Det er behov for å etablera ny nettstasjon/ trafo innanfor planområdet.

4.12.3 Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m.

Ny barnehage skal byggjast som passivhus, dette for å få ein klimavennleg barnehage og reduserte driftskostnader i bygget. Bygget skal ha bergvarme som fornybar energikjelde og el-kjel for spisslast. Anlegg for bergvarme skal plasseres i uteområdet.

4.13 Grunntilhøve

4.13.1 Stabilitet


Området ligg under marin grense, og det er dermed ein moglegheit for at det kan finnast marin leire. Dette kapittelet samanfatar vurderingar av steg 1-3 i NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» frå 2019.

Steg 1: Undersøk om det er registrerte faresoner (kvikkleiresone) i område

Det er ikkje registrert faresoner relatert til Kvikkleireområder i Fitjar kommune (atlas.nve.no).

Steg 2: Avgrens område med mogleg marin leire

Areal under marin grense kan nyttast som et generelt aktsemdsområde for områdeskred. Området ligg under marin grense. Lausmassane i området er skildra av NGU som morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen. Tjukklikeken på avsetningane er normalt mindre enn 0,5 m, men dei kan heilt lokalt vera noko meir.




Figur 18: Utsnitt lausmassekart, kjelde NGU.no

Utsnitt aktsemdskart marin leire, kjelde NVE.no

Marin leire finn man innanfor lausmassetypen «Hav- og fjordavsetninger», men ofte ligg det marin leire også under andre lausmassetypar. Marin leire kan ligge under lausmassar med morene.

Etter NVE rettleiar punkt 2, vil område med synleg fjell og tynt dekke av lausmassar ikkje ha sannsyn for områdeskred. Frå rettleiar: «Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikkje fare for at det vil utløysast områdeskred».



Figur 19: Mogleg område der det teoretisk kan vere kvikkleire i grunn (raud). Det er tydeleg teikn til berg i dagen rundt det markerte området. Kart er laga ut frå ein digital modell (DTM1). Fjellskyggekart er ein visningsmåte av DTM som gjev eit relieffkart av terrenget. Slike kart kjem til nytte ved geologisk skredkartlegging, fordi ein ofte kan sjå skredbaner, avsetningar og kvar det er berg i dagen. Kjelde: Kartverket


Konklusjon steg 2: Utifrå lokal topografi kan ein ikkje utelukka kvikkleireskred, sjølv om det er særers lite sannsyn for at områdeskred er ein aktuell prosess i område. Dette sidan området er registrert med tynne morenemassar.

Steg 3: Avgrens område med terreng som kan være utsett for områdeskred.

Terreng som kan inngå i lausneområdet for eit skred er gitt ved desse kriteria i vegleiaren:

- Total høgde på skråning (i lausmassar) over 5 m, eller
- Jamt hellande terreng brattare enn 1:20 og høgdeforskjell over 5 m

Høgdeforskjell på skråninga nærast Rossnesvegen er omlag 20 m, skråninga har jamt hellande terreng over 1:20, før terrenget flatar ut.



Figur 20: Høgdeprofil skråning 1

Konklusjon steg 1-3:

ABO plan og arkitektur kan ikkje utelukka fare for områdeskred jf. steg 1-3 i prosedyren. Delar av planlagde tiltak ligg, mogleg, i terreng som kan reknast som aktsemdsområde for områdeskred. I dette tilfelle rår vi til at vidare vurderingar av fare for områdeskred vert utgreia nærare av geoteknikkar. Ei synfaring på tomte for å kartlegge berg i dagen og bonitering med stang for å bestemme minimum djupne til berg vil truleg vera naudsynt for å avklare/avkrefte faren. Ein rår til at geoteknikkar gjer eigne vurderingar iht. steg 1-3 og at ein nyttar prosedyre i kap. 3 i NVE rettleider 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

Det er registrert høg aktsemdsgrad for radon i området.

I følge Direktoratet for mineralforvaltning er det ikkje registrert grus- og pukkressursar i området.

4.13.2 Leidningar


Det er ikkje oppgitt at det ligg leidningar i området.

4.13.3 Rasfare

Det er ikkje registrert rasfare eller aktsemdsområde for nokon typar av rasfare innanfor området jf. skrednett.no.

4.14 Støytilhøve

Statens vegvesen sitt støyvarselkart syner at det er støynivå over 65 dB langs fylkesvegen, og det er såleis synt raud- og gul støysone i området langs vegen. Støyvarselkartet syner ein prognosesituasjon 15–20 år fram i tid, der støynivå er utrekna 4 meter over terreng. Sjøå figur under. Planområdet ligg i underkant av 300 meter frå fylkesvegen.



Figur 21: Utsnitt frå støyvarselkart, kjelde vegvesen.no

I det næraste industriområde – Årskog er det sporadisk bruk av mellombels knuseverk i samband med opparbeiding av industriområdet. Det er ikkje kjente støytuetslepp frå etablerte verksemder i området.

4.15 Luftforureining

I Miljødirektoratet sin database er det ingen bedrifter med løyve etter forureiningsregelverket i området, næraste industriområde er Årskog, dette ligg om lag ein kilometer nord for planområdet. Det er ikkje verksemder i området med særskilt løyve til forureining etter forureiningslova og drift av pågåande næring og industriaktivitet er såleis rekna for å ikkje skape særskilt luftforureining.

4.16 Risiko- og sårbarheit for eksisterande situasjon

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følgt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar i dette kapitlet er gjort med utgangspunkt i eksisterande situasjon. Sjå kap. 5.13 og 7.14 for ROS-analyse av framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

4.16.1 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også til dels akseptkriteria til Fitjar kommune.

Risiko= Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskete hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, tryggleik/stabilitet, samt eigedom/materielle verdiar. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet». ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggingsføremålet høyrer til er det angitt ein nominell årleg sannsyn.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen er dels utført etter Fitjar kommune sine akseptkriterier, men tilpassa dagens forskrifter og rettleiarar. Det er valt å ikkje sette sannsyn eller konsekvens for dei tema ein vurderer til å ikkje vera relevant.

Tabell 1. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

	Sannsyn	Frekvens	TEK 17
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år	S1/F1
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år	S1/F1
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år	S1/F2
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år	S2/F2
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år	S3

Tabell 2. Konsekvens; Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.

	Konsekvens	Liv og helse
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming.
2	Ein viss fare	Få og små personskadar. Fråvær som krev kortare sjukemelding/-fråvær.
3	Alvorleg/farleg	Få, men alvorlege personskadar. Mange mindre personskadar (fleire enn 10)
4	Kritisk	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil 5 dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 10 alvorleg skadde personar eller fleire enn 5 dødsfall
	Konsekvens	Stabilitet
1	Ufarleg/ubetydeleg	Produksjonsstans under 1 veke
2	Ein viss fare	Produksjonsstans under 3 veke
3	Alvorleg/farleg	Produksjonsstans over 3 veke
4	Kritisk	Produksjonsstans i over 2 månader
5	Katastrofal	Produksjonsstans over 1 år
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Materielle verdiar
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 500.000 kr
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, inntil 5 mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, inntil 10 mill. kr

4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varighet, inntil 25 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 25 mill. kr

Tabell 3. Risikomatrix. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

		HELSE OG LIV					STABILITET OG YTRE MILJØ					MATERIELLE VERDIAR				
Sannsyn	1	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2.	1.3	1.4	1.5
	2	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2.	2.3	2.4	2.5
	3	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5
	4	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5
	5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
Konsekvens																

4.16.2 Risikomatrix (vurdering av alle relevante forhold)

Type hendring	Kategori	Uønskete hendinger	Nr	Vurdering	Helse og liv	Stabilitet	Ytre miljø	Materielle verdier
Naturhendinger	Ekstremvær	Sterk vind	1	I vindkart for Norge, er planområdet vist med årleg middelvind mellom 7-8 m/s. (temakart.nve.no) Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskade. Skadar som oppstår er gjerne som følge av lausrivne bygnings-element og rotvelta skog. Sterk vind er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planområdet.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Store nedbørsmengder	2	Området er ikkje særleg nedbørsutsett. Gjennomsnittleg årsnedbør 1000 – 1500 mm, ref. senorge.no. Klimaendringane er venta å føre til auka mengd nedbør, samt hyppigare intense nedbørsperiodar. Auka frekvens med intense nedbørsperiodar med mykje nedbør på kort tid er venta å føra til auka materielle skadar. Det går ikkje elv/vassdrag gjennom eller i nærleiken av området.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Springflo/stormflo	3	Planområdet ligg ikkje nær sjø.				
	Flaumfare	Flom i elv/bekk	4	Det går ikkje elv/vassdrag gjennom eller i nærleiken av området.				
		Flom i vassdrag/innsjø	5	Sjå punkt 4 over. Det er ikkje innsjø i planområdet.				
		Urban flaum/overvasshandtering	6	Området består av skog og jordbruksareal utan tekniske inngrep. Det er lite harde flater i planområdet, og faren for urban flaum er vurdert som liten, og overvasshandtering til drenerande masser.	3.1	3.1	3.1	3.1

	Springflo/ Stormflo	7	Planområdet ligg ikkje til sjø.				
Skredfare	Steinsprang	8	Planområdet er ikkje vist som aktsemdsområde i NVEs Atlas. Det er ikkje skråningar i eller rundt planområdet som er vurdert som utløysing- eller utløpsområde for steinsprang.	4.1	4.1	4.1	4.1
	Lausmasseskred	9	Det er ikkje registrert faresone for skred i bratt terreng (lausmasseskred) eller aktsemdsområde for jord- og flaumskred i planområdet.	4.1	4.1	4.1	4.1
	Is og snøskred	10	Det er ikkje registrert aktsemdsområde for snøskred i planområdet.	4.1	4.1	4.1	4.1
	Kvikkleireskred	11	Sjå kap. 4.13.1. Innanfor området kan det finnast marin leire, då området ligg under marin grense. Det er ikkje registrert marin strandavsetning i området, som kan indikere kvikkleire. Innanfor landbruksarealet vil det vera mogleg å gjennomføra tiltak som planering og omplassering av massar.	4.3	4.2	4.2	4.2
Byggegrunn	Setningar og utglidingar	12	Det er ikkje eksisterande fyllingar eller murar innanfor planområdet som kan gje fare for setningar og utglidingar.				
	Forureina grunn	13	Det er ingen registreringar av forureina grunn i området. Det er ikkje vore drive verksemd på området som tilseier at det kan vera forureina grunn her.				
	Radon	14	Området er registrert med høg radonaktsemd i NGU sitt aktsemdskart for radon. Ikkje relevant for jordbruksaktivitet	2.1	2.1	2.1	2.1
Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	16	Det er ikkje registrert drikkevasskjelder innanfor planområdet				
	Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l	17	Det er ikkje registrert vassdrag innanfor planområdet				
	Nedbørsfelt	18	Det er ikkje avrenning til drikkevasskjelder frå området.				
	Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Det er ikkje kjende problemstillingar i tilknytning til luft- og støv i området.				
	Stråling	20	Det går ikkje høgspenkabel i luft i området eller andre tekniske installasjonar som kan føre til stråling.				
Transport	Støy	21	Det er ikkje registrert at området er utsett for støy frå nærliggjande aktivitet som t.d. industriverksemd.				
	Ulykker på veg	22	Det er ikkje registrert ulykker i Rossnesvegen. Vegstrekket er oversiktleg, med fartsgrense 40 km/t og ein-sidig gang- og sykkelveg. Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker.	2.2	2.1	2.1	2.2
	Ulykker på bane, luft og sjø	23	Ikkje relevant då det ikkje er bane eller flyplass i nærleiken eller sjø i planområdet.				
	Utslepp av farleg stoff	24	Det går ikkje føre transport som kan føre til utslepp av farleg stoff i planområdet.				
Næringsverksemd	Støy	25	I Statens vegvesen sitt støvvarselkart er det synt raud og gul støysone (H210 og H220) langs fv. 545, iht. T-1442. Dette er om lag 300 meter frå planområdet.	3.1	3.1	3.1	3.1
	Utslepp av farleg stoff	26	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til utslepp av farleg stoff i planområdet.				
	Akutt forureining	27	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til akutt forureining i planområdet.				
	Brann, eksplosjon i industri	28	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til brann, eksplosjon i nærleiken til planområdet.				

Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	29	Det er noko vegetasjon i nærområdet til planområdet, og det er såleis ei generell fare for skog- og vegetasjonsbrann.	3.1	3.1	3.2	3.1
	Brannfare i bygningar	30	Det er ingen bygningar innanfor området.				
Eksplisjonsfare	Eksplisjon i industriverksemd	31	Det går ikkje føre aktivitetar som kan føre til eksplisjon i nærområdet til planområdet.				
Beredskap	Brann	32	Fitjar brannstasjon ligg i Årskog, om lag 1,3 km nord for planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar.				
	Ambulanse	33	Planområdet vert dekkja av Sunnhordland interkommunale legevakt på Stord. Næraste sjukehus ligg på Stord. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpsetatar.				

Kjeldebruk: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 2017, DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen.

www.fylkesatlas.no temakart

www.ngu.no

www.nve.no (temakart)

www.senorge.no (årsnedbør)

Støyvarselkart, Statens vegvesen

ROS-analysen dekker her eksisterande situasjon og er undersøkt med utgangspunkt i kjente databasar, sjå kjelde bruk. Fitjar kommune har bistått med lokalkunnskap om området. Usikkerheita i datagrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkeleg for vurdering av eksisterande situasjon og i forhold til 0-alternativet (dagens/uendra situasjon).

4.17 Næring

Det er ikkje næringsverksemdar innanfor planområdet. Tilgrensande område er nytta til landbruksnæringa. Om lag 700 meter sør-vest for planområdet ligg Fitjar mekaniske verkstad. Storhaugen skjermar for påverknad frå dette området. Denne verksemda har tilkomst frå Havnavegen. Om lag 1 km nord for området ligg eit større næringsområde – Årskog. Her er det etablert fleire næringsverksemdar, blant anna: Lerøy Årskog, Fitjar Kraftlag, Sunnhordland sandblåsing og Fitjar småbåt.

4.18 Analyser/utredning

Det er ikkje føreteke nye analysar eller utgreiingar i samband med planarbeidet.

Før reguleringsplanen vert endeleg godkjent skal det gjennomførast goetknisk vurdering av området.

4.19 Eigedomstilhøve

Følgjande eigedomar ligg innanfor planområdet: delar av gnr./bnr. 65/275, 65/2 og 65/311

5 Skildring av planframlegget

Detaljreguleringa omfattar areal avsett til kommunal barnehage med plass til inntil 61 barn, fordelt på 4 basar. Det er i tillegg sett av areal til parkering og ny avkøyring, samt fortau fram til eksisterande kryssingspunkt i Rossnesvegen. Delar av arealet i aust er regulert til grønstruktur.

5.1 Planlagd arealbruk

Fitjar kommune har inngått avtale om kjøp av areal.


Planområdet er om lag 16 daa og fordeler seg slik på dei ulike planfremåla:

Tabell 4 Arealoversikt

Føremål	SOSI-kode	Storleik, dekar
§ 12-5. Nr. 1 – Bygningar og anlegg		Areal (daa)
Barnehage	1161	2,0
Renovasjonsanlegg	1550	0,1
Uteopphaldsareal	1600	3,6
Sum areal denne kategori:		5,7
§ 12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		Areal (daa)
Køyreveg (2)	2011	1,6
Fortau (3)	2012	0,5
Gangveg/gangareal/gågate	2016	0,1
Anna veggrunn – grøntareal (4)	2019	2,2
Parkeringsplassar (2)	2082	1,3
Sum areal denne kategori:		5,7
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur		Areal (daa)
Blågrønstruktur	3002	4,5
Sum areal denne kategori:		4,5

Totalt ca.: 15,9 daa

Omsynssoner / bestemmelsesområde	
H 140 Frisikt	
H 510 Omsyn landbruk	



Figur 22: Plankart

5.2 Arealføremål

Reguleringsføremåla skal gåast gjennom og løysingane skildrast.


5.2.1 Bygningar og anlegg

Offentleg eller privat tenesteyting - Barnehage (BBH)

Arealet er regulert med bakgrunn i løysinga frå vinnarutkastet i arkitektkonkurransen. Bygningskroppen er tenkt lagd i terrenget med innvendig golv på kote + 34,5. Dette vil gje best mogleg massebalanse på tomta.

Bygningen er plassert slik at den vert ein skjerm frå veret frå nord og nordaust, mens ein kolle i vest skjermar frå vest.

Barnehagen skal ha plass til 61 born og om lag 17-20 tilsette. Borna skal fordelast på 4 avdelingar/basar, der to og to basar delar garderobe og bad.



Figur 23: Fordeling av funksjonar, kjelde vis-a-vis

Hovudinggangen/personalinngang er plassert lett synleg i søraust mot tilkomstveg og parkering. Innanfor i bygget ligg personalet sine areal. Arbeidsplassar og pauserom er vendt mot nord, med utsikt mot sjø. Tekniske rom ligg i ein kjellaretasje med tilkomst frå personalavdelinga.

Mot sørvest ligg inngangane til basane, det er to inngangar med to basar per inngang. Mellom desse ligg allrommet med felleskjøkken, veksthus og overdekkta uteareal.

Det er mykje leike- og opphaldsareal utanfor basane, noko som gjev fleksibilitet i korleis ein disponerer fordelinga av små og store barn. Baseareala ligg i direkte tilknytning til fingardrobane som og er eit viktig leike og opphaldsareal.

Midt i bygningen ligg kjøkken og allrom, direkte inn mot fingardrobane på kvar side. Frå kjøkenet er det direkte utgang til veksthus og overdekkta uteareal. I bakkant, mot nord ligg stellerom/wc samt lagerrom, sanserom og verkstad med tilgang til uteområde i nord.

Renovasjonsanlegg, o_BRE

Arealet er sett av til oppbevaring av renovasjonsdunkar.

Uteopphaldsareal, o_BUT

Arealet innanfor området er sett av til uteopphaldsareal for barnehagen. Delar av arealet skal opparbeidast med leikeapparat og ulike aktivitetsområde, i tillegg skal delar av tomta framleis vera naturtomt slik at det er moglegheiter for å bevege seg i skogen som den er, og bruke naturen til å lage egne leikeområde av det naturen har å by på. Prinsippet om universell utforming er fylgd ute og inne.

5.2.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, o_SKV

Planen regulerer eksisterande bygd veg, Rossnesvegen.

Det er regulert ny avkøyrsløse til området. Denne gir tilkomst til parkeringsareal for tilsett, varelevering og areal for henting/levering av barn. Avkøyninga er dimensjonert for lastebil. Siktsoner er sett til 6 x 30 m, basert på vegstandard i Rossnesvegen og fartsgrense 40 km/t.

Fortau, o_SF

Det er regulert fortau langs nordsida av Rossnesvegen, frå ny avkøyning ved barnehagen, til eksisterande kryssingspunkt ved idrettsbanen. Fortauet er regulert med 2,5 meter breidde.

Gangveg/gangareal/gågate, o_SGG

Det er regulert gangareal frå parkeringsareal/snuareal ned til inngangspartiet ved barnehagebygget. Gangarealet er regulert med 3,5 meter breidde.

Anna veggrunn – grøntareal SVG

Anna veggrunn skal verta tilplanta/sådd i. Det kan etablerast ein gangveg over anna veggrunn ned mot barnehageområdet.

Parkering, o_SPP

Det er regulert areal til parkering for barnehagen. Det er sett av plass til 30 parkeringsplassar. Det er ikkje stilt parkeringskrav i kommuneplanen for Fitjar for barnehagar. I arkitektkonkurransen er det lagt til grunn at ein skal ha tilstrekkeleg med parkeringsplassar for barnehagen sine brukarar. Det skal setjast av parkering til tilsette, samt til korttidsparkering for levering/henting i barnehagen. Det er sett av eige areal til sykkelparkering, delar av plassane skal vera overbygd. Varelevering og hente- og bringearealet skal skje frå området.

5.2.3 Grønstruktur

Austre del av planområdet er regulert til blågrønstruktur, og inngår ikkje i arealet til barnehagen. Dette arealet strekk seg ned mot eksisterande dyrka mark og er såleis ein del av bufferarealet mot landbruksområda i nord og aust som er i bruk som dyrka mark og beiteområde.

Innanfor området skal det etablerast anlegg for fordrøying av overvatn.

5.2.4 Omsynssoner

Frisiktsoner H140

Innanfor frisiktsona skal det vera fri sikt i 0,5 m høgd, målt frå tilstøytane vegars plan.

Omsyn landbruk, 510


Buffersone mot dyrka mark. Det er lagt inn buffersone på 20 meter mot tilgrensande areal som er dyrka mark.

5.3 Bygningane si plassering og utforming

5.3.1 Bygningane si høgde

Bygget er lagt på kote +34,5, +/- 0,5 m. Bygningen er dimensjonert med eit topp tak på kote + 40,7. Dei fleste funksjonane ligg på eit plan, unnatak er tekniske rom. Desse er plassert på eit kjellarplan i tilknytning til

personalavdelinga. Her er det samla teknisk rom for ventilasjon, bergvarme, IKT og eit fjernlager for barnehagen.




Figur 24: Fasade sør-vest, kjelde vis-a-vis



Figur 25: Fasade sør-aust, kjelde vis-a-vis

5.3.2 Tal arbeidsplassar

Barnehagen vil ha mellom 17 – 20 tilsette.



Figur 27: Utsnitt frå plankartet, syner regulert fortau langs Rossnesvegen

Det skal leggjast til rette for trafikksikker gangtilkomst mellom avkøyrsla og porten inn til barnehagen, samt vidare til inngangspartia i barnehagen.

Varelevering

Det skal sikrast areal for varelevering til barnehagen. Dette er illustrert løyst med ei rundkøyering som sambruk for korttidsparkering, varelevering og til renovasjonshenting.

5.7 Miljøoppfølging

Barnehagebygget skal byggast som eit passivhus der bygget skal vera kompakt og energieffektivt. Det skal nyttast bergvarme til oppvarming. Bygget planleggast utført med bruk av naturmateriale, og er tenkt oppført i treverk på betongplate.

5.8 Universell utforming


Bygg og anlegg innanfor planområdet skal utformast i samsvar med teknisk forskrift (TEK 17) og krav til universell utforming.

Tilkomsten til barnehagen og uteareala skal vera opparbeida universelt. Delar av tomtearealet har naturleg terreng, og vil såleis ikkje vera tilgjengeleg for alle.

5.9 Uteopphaldsareal


Barnehageområdet ligg i eit landbruksområde med skogsareal, innmarksbeite og turområde rett i nærleiken. Store delar av uteområdet vert opparbeida med leikeplassar og ulike aktivitetsområde. Delar av arealet vert naturterreng der ein tek vare på naturleg terreng med vegetasjon. Frå uteområda til barnehagen er det god tilkomst og tilknytning til tilgrensande naturområde. Det inngjerda arealet til barnehagen er på om lag 4 630 m². Rettleiande storleik for uteareal i barnehagar er 24 m² pr. store barn og 33 m² pr. små barn (Veileder for utforming av barnehagens uteareal, Kunnskapsdepartementet). Med fullt belegg i barnehagen er planen at det skal vera plass til 39 store barn og 22 små barn. I høve rettleiaren er anbefalt minste uteareal 1662 m². Dette kravet let seg oppfylla på dette arealet.

Uteområda er delt opp i 3 ulike soner, ei på nordsida av bygget, og to i sør.



Figur 28: Utomhusplan, kjelde vis-a-vis

På nordsida av bygget er det lagt til rette for ein «Skogscamp», med lavvo og bål plass samt nærleik til den naturlege skogen med moglegheit for bruk av hengekøyer, klatring i trær og anna. I sør er det lagt til rette for «Leikeplassen», eit areal som ligg inn mot dei to basane i vest. Her er det tenkt litt meir opparbeida leikeareal med sandkasse, humpedisje, rutsjebane i terrenget og ei hytte av piletre. I aust er det lagt til rette for «Aktivitetstorget». Her er det ei sykkelløype, stokkar, disse, sandkasse og balansebom. Mellom dei to areala i sør er det lagt til rette for eit uteamfi i tilknytning til overbygd sitjeplass og veksthus ved kjøkken og fellesroma.



Figur 29: Soltilhøva på utearealet, vis-a-vis

Uteareala i sør er solrike, og ligg i le for nordavinden. Her er det ulike aktivitetssoner, samt uteplassar inntil husveggen. Det er lagt opp til sti rundt bygget for universell tilkomst til skogscampen i nord.

Barnehagetomta gir moglegheit til varierte aktivitetar i både opparbeida og naturleg terreng. Det vil vera rom for ulike aktivitetar til ulike tider på året. Deler av arealet er kupert slik at det er mogleg å nytte til akebakke vinterstid.

I samband med søknad om rammeløyve er det sett krav om utomhusplan som viser disponering av utearealet. Planen skal vera målsett, og visa korleis tilkomst, parkering og leikeareal er løyst. Korleis terrengmessige og estetiske omsyn vert ivareteke skal koma fram av utomhusplan og fasadeoppriis.

5.10 Landbruksfaglege vurderingar

Delar av arealet i aust er regulert til blågrønstruktur, med omsynssone landbruk mot dyrka mark. Dette vil bidra til at barnehagen ikkje legg tekniske avgrensingar på tilgrensande jordbruksarealet (slåtteareal), mellom anna ved spreiiing av husdyrgjødsel, kjemisk ugraskontroll og hausteoperasjonar i grasproduksjonen. Det er lagt inn ei buffersone på om lag 20 meter i grensa mot dyrka mark. I grensa mot landbruksareal som ikkje er dyrka mark er det lagt inn ei omsynssone på 13 meter.

5.11 Plan for vass- og avløp og dessutan tilknytning til offentleg nett

Det må etablerast ein ny pumpestasjon på området for å pumpe avløpsvatn opp til påkoplingspunkt ved idrettsbanen. Her er det og mogleg å kople seg på vassforsyninga. Overvasshandtering skal gå til terreng med naturleg avrenning. Det er utarbeida eigen VA-plan som ligg vedlagt.

5.12 Plan for renovasjon

Det er lagd til rette for oppstillingsplass til renovasjonsbehaldarar utanfor porten inn til barnehageområdet. Dette ligg i tilknytning til planlagd rundkøyring som gjer at tilkomst for renovasjonskøyretøy er trafikksikker, og ein slepp rygging i området. Rundkøyring og avkøyring skal dimensjonert for lastebil.

5.13 Avbøtande tiltak/løysingar, jf. ROS

Planframlegget opnar for tiltak i område som i dag er regulert og nytta som innmark og utmarksareal. Det er ingen infrastruktur i området i dag. Analyse av dagens situasjon og framtidig situasjon etter realisering av planframlegget er gjennomført i kapitel 4.16 og 7.14. I tabellen under er hendingar som er vurdert til å hamne i gul eller rød kategori m.o.t. sannsyn og konsekvens lista opp, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

Nr.	Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna
Ulykker på veg	Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker, men farten på tilgrensande veg er låg, og siktilhøva i ny avkøyrsle er sikra med frisktlinjer- og soner. Mjuke trafikantar er sikra trafikksikker tilkomst på fortau og gang- og sykkelveg. Planen legg til rette for ny avkøyrsle til området, og sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav. Avkøyrsle er dimensjonert for lastebil. Samstundes kan ein ikkje garantere at personar overheld trafikkreglar eller fartsgrense. Ein kan såleis ikkje sikre seg for menneskeleg svikt. Det er vanskeleg å regulere for avbøtande tiltak eller løysingar for dette utover det som er gjort i planframlegget. ROS-analysen syner difor at det er noko risiko for ulykker av planframlegget.
Brannfare i bygning	Bygningar skal dimensjonerast og prosjekterast i samsvar med bygnings- og brannforskrifter. Det er kort avstand til beredskap, og det skal sikrast god tilkomst for utrykkingsmateriell og tilstrekkeleg slökkjevsn – det skal vurderast sprinkling i bygg. Det er ikkje tilgrensande bygg i området, så faren for brannspreiing er låg. Med dette som bakgrunn, vil planframlegget ha akseptabel risiko for brannfare.

Områdestabilitet	Med dagens kunnskapsgrunnlag vurderer ein at det er stor usikkerheit kring områdestabilitet. Vår tilråding er at det vert gjennomført geoteknisk vurdering av områdestabilitet før reguleringsplanen vert godkjent. Den innleiande vurderinga av områdestabilitet vil omfatte prosedyre i NVE sin rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», kap.3 steg 1-6. Sikker byggegrunn (pbl § 28-1) mht. fare for områdeskred, vert avklart og dokumentert gjennom prosedyren.
------------------	--

Det er avdekka forhold der førebyggjande eller skadereduserande tiltak må gjennomførast (raud sone). (OMRÅDESTABILITET) Her må det gjennomførast geoteknisk vurdering før reguleringsplanen vert godkjent. Hovudårsaka til at fleire av hendingane ligg i gult, er at konsekvensen av dei er relativt store sjølv om det er relativt lågt sannsyn. Dei aller fleste forholda er akseptable med føresetnad av at tiltaka vert gjennomført i samsvar med lovar og reglar, som t.d. pbl. og byggteknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Det er ingen spesielle føringar som er lagt inn i planframlegget.

5.14 Rekkeføljekrav

Det er sett rekkeføljekrav til at avkøyrsløse, fortau, parkeringsareal og uteareal skal vera ferdig opparbeida før barnehagen kan takast i bruk.

Det er sett krav til grunnundersøkingar i området før rammeløyve vert gjeve.

6 Konsekvensutgreiing

6.1 Metode og planalternativ

Då planen omfattar nye område for offentleg formål som ikkje er i samsvar med overordna plan, er det stilt krav om konsekvensutgreiing. I oppstartsmøtet med kommunen vart det stilt krav om utarbeiding av konsekvensutgreiing for desse fagtema:

- Landbruk
- Trafikk/tilkomst
- Samfunnsverknadar

I tillegg til desse temaa er verknadane av planframlegget òg vurdert for landskap, naturmangfald, kulturminne- og kulturmiljø, rekreasjon og friluftsliv, samferdsel og teknisk infrastruktur, universell utforming samt bumiljø, folkehelse og barn- og unges interesser.

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Ei føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan utleiast. I konsekvensanalysar er tiltaket eller tiltaka alltid årsak.

Konsekvensar for ulike deltema er analysert og vurdert. Det er trekt fram positive og negative element for dei ulike deltema. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Det er definert ein 7-delt skala for å angi konsekvens: stor positiv (+++), positiv (++), liten positiv (+), ingen (0), liten negativ (-), negativ (--), stor negativ (---) konsekvens av planframlegget.

Datagrunnlag og kunnskapsgrunnlag

Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjersler. Kunnskapsnivået må stå i høve til sannsyn for og alvorsheten av endringane. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Dei ulike tema er utgreia med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt eigne synfaringar. Det er utarbeida illustrasjonar av vinnarutkastet i arkitektkonkurransen som syner mogleg framtidig utbygging.

Planalternativa

Det er i forkant av at planarbeidet starta, gjennomført ei kartlegging og analysar av alternative lokaliseringar av barnehagen. Lokaliseringsalternativa er vurdert i sak om tomteval for plassering av ny barnehage i Fitjar kommune. Her er alternativa vorte utgreia, og det er fatta politisk vedtak PS 21/21, 28.04.2021 på å gå vidare med alternativet ved Rossnesvegen. Saka ligg vedlagt.

0-alternativet: 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet tar utgangspunkt i dagens situasjon og den framtidige utviklinga av området dersom reguleringsplanen ikkje blir gjennomført. 0-alternativet tek også utgangspunkt i mogleg utvikling av området i tråd med gjeldande kommuneplan og godkjente detaljreguleringsplanar.


I dette tilfellet er 0-alternativet areal regulert til landbruksføremål og LNF, samt nytta til jordbruksverksemd.

Planalternativ: Hovudmålsetnad er å legge til rette for ny kommunal barnehage med tilhøyrande tilkomst, leikeareal og infrastruktur. Planen legg opp til følgjande tiltak:

- Ein trygg og framtidretta miljøvennleg barnehage med plass til inntil 61 barn.
- Nye gangveggar som sørgjer for trygg veg til og frå området for mjuke trafikantar.
- Tilkomst og parkering for tilsette, foreldre og varelevering.

6.2 Landbruk

Store delar av planområdet er regulert til Landbruksføremål i gjeldande reguleringsplan. Ein mindre del mot nord ligg i gjeldande kommuneplan som LNFR-areal. Heile arealet ligg innanfor eigedom gnr./bnr. 65/275. I følgje NIBIO Gårdskart er denne eigedomen på totalt 172,6 dekar og har ingen bygningar. Arealet er fordelt på 19 dekar innmarksbeite, 54 dekar skog, 69 dekar anna markslag og 30 dekar bygd areal. Eigedomen ligg nordaust i reguleringsplan for Hamn, og er i hovudsak regulert til friluft- og landbruksføremål, samt infrastruktur i bustadfeltet Rossneset. Det meste av planområdet er klassifisert i Ar5 som innmarksbeite, resterande delar som open fastmark. Eigedomen er viktig for området i eit friluft- og naturperspektiv, men i høve landbruket er den mindre viktig.




Figur 30: Eigedom 65/275 synt i kart, og med type arealbruk (t.h)

Området ligg nord for Rossnesvegen, langs tilkomstvegen inn til Rossneset bustadfelt. Det ligg omkransa av natur og jordbruksareal i vest, nord og aust. Sør for Rossnesvegen er det opparbeida ein idrettsplass, og lengre inn langs vegen er det bustadfelt. Arealet i planområdet består hovudsakleg av innmarksbeite, mindre delar er open jorddekt fastmark. Området er noko tilgrodd i seinare tid grunna at det ikkje har vore nytta som innmarksbeite på fleire år.



Figur 31: Bilete frå området



Figur 32: Dyrkbar jord (skravert område) Kjelde: NIBIO Kilden

Det er ikkje areal innanfor tiltaksområdet som er registrert som dyrkbar areal. Eit mindre areal heilt i overgangen til dyrka mark er registrert som dyrkbar, det meste av dette arealet ligg utanfor planområdet.

Utbygging av området vil medføre ei omdisponering av om lag 11 dekar innmarksbeite, av dette vert 2,8 daa regulert til grønstruktur. Arealet er registrert i NIBIO som jordbruksareal ute av drift. Attverande innmarksbeite på eigedomen, om lag 8 daa, vil få minske sin verdi og bli forringa då store deler vil verta knytt til barnehagen. Til no har Rossnesvegen vore ei markert grense mot jordbruksarealet ned mot Breidvika. Planframlegget bryt denne grensa. Arealet er opplyst til å ikkje vera i aktiv bruk dei seinare åra, men området har potensial som innmarksbeite dersom beiteaktiviteten vert teke opp igjen. Eigedomen planområdet er del av er ikkje ein aktiv jordbrukseigedom då det ikkje er driftsbygningar knyt til eigedomen. Verknaden lokalt vil vera tap av eit mindre areal til innmarksbeite. I eit større perspektiv, sett i samanheng med resterande jordbruksareal i Fitjar kommune, utgjør arealet ein ubetydeleg del av jordbruksarealet. Arealet ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk i Fitjar kommune sin kommuneplan.

Omkringliggjande areal er nytta i ulik grad. På austsida er eit tilgrensande areal registrert som skog og open fastmark. Delar av dette området har vore i bruk som beiteland i seinare tid. Nord for arealet ligg det dyrka mark med kollar med skog inni mellom. Dette arealet vert drifta som jordbruksareal, og er i bruk som slåttemark. Vest for området strekk Storhaugen seg oppover. Dette arealet er regulert til landbruksareal og friluftsføremål. Landbruksarealet består i hovudsak av skogsområde, og har ikkje vore nytta i jord- eller skogbruksdrift i seinare tid.

Utbygging av området vil ha størst innverknad på tilgrensande jordbruksareal i nord. Her er det aktiv drift av dyrka mark. Det er uheldig å legge eit utbyggingsområde heilt inn mot dyrka mark, grunna interessekonfliktar i samband med spreieing av husdyrgjødsel, kjemisk ugraskontroll og hausteoperasjonar. Sjølve arealet som går med til barnehageområdet ligg mot nordvest, og er såleis trekt vekk frå dyrka mark. For å skape ein buffer mellom jordbruksaktivitet og barnehagen er det foreslått å regulera eit 20 meter breitt belte mellom barnehagen sitt område og dyrka mark. Dette er eit avbøtande tiltak som vil medverke til å skape eit skilje mellom utbygging og jordbruksareal.

Matjorda utgjør ein ressurs og det er difor gitt føringar om at matjorda i området skal takast vare på og leverast for gjenbruk i samband med t.d. nydyrking eller jordforbetring.

Konklusjon

Ved utbygging av barnehagen vil eit areal på om lag 11 dekar innmarksbeite gå tapt, av dette er om lag 2,8 daa regulert til grønstruktur. Utbygginga vil ikkje ha innverknad på kringliggjande dyrka mark, då barnehageområdet er lagt i eit område som naturleg er avgrensa frå dyrka mark. Tilgrensande areal til dyrka mark vert regulert til grønstruktur, med omsynssone landbruk.

Utbygging av området vil føra til at det vert aktivitet nærare opp mot dyrka mark, men det er regulert ei omsynssone på om lag 20 meter som vil fungere som buffer mellom dyrka mark og barnehageområdet.

Utbygging av området er vurdert til å ha negativ (--) konsekvens for landbruksarealet i området.

6.3 Trafikk/tilkomst

Tilkomst til planområdet vert frå kommunal veg, Rossnesvegen. Vegen har ei vegbreidde på 6 meter. Den er bygd etter standard Sa2 i gamal handbok. Dette er tilsvarende dagens overordna bustadveg. Det er ikkje utført trafikkmåling i vegen. Fartsgrensa er 40 km/t, og det er etablert gang- og sykkelveg langs sørsida av vegen. Rossnesvegen munnar ut i Fv. 545, Sandvikvågvegen. Her er det etablert kanalisert kryss. ÅDT på Sandvikvågvegen er 1300 kjt/d sør for krysset med Rossnesvegen og 1100 kjt/d nord for krysset. Kryssområdet er oversiktleg. Det er etablert busstopp i begge retningar i samband med kryssområdet.



Figur 33: Rossnesvegen med gang- og sykkelveg



Kanalisert kryssområde ved fv. 545

Det er etablert gang- og sykkelveg på sørsida av Rossnesvegen, frå kryss med Fv. 545, Sandvikvågvegen, og vidare forbi tiltaksområde inn i bustadfeltet. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar på nordsida av vegen. Det er etablert eit kryssingspunkt med oppmerka gangfelt vest for idrettsbanen. Dette er ei etablert kryssing i samband med intern gangveg frå idrettsbanen og vidare til turvegssystem i tilgrensande friområde.



Figur 34: Etablert kryssingspunkt sør for planområdet

Sett frå kryssingspunktet mot planområdet

Det skal etablerast ei ny avkøyrsløse frå Rossnesvegen og inn til barnehagetomta. Denne er dimensjonert for varetransport til barnehagen, samt for tilsette og foreldre som skal levere og hente i barnehagen.

Det skal etablerast parkeringsareal for tilsette samt for effektiv avvikling av hente- og bringesituasjonen. I ein barnehage vil dei fleste måtte følgje barna inn i barnehagen, og det må difor vera sett av eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar til dette føremålet. Ved større arrangement i barnehagen vil det vera naturleg å nytta parkeringsarealet ved idrettsbanen som eit ekstra parkeringstilbod.

Statens vegvesen har utarbeida støysone kart for fv. 545 som går aust for planområdet. Støysonekartet er utarbeida etter Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Dette syner berekna gul støysone ($L_{den} > 55$ dB) langs denne vegstrekninga. Kartet syner ein prognosesituasjon 15 – 20 år fram i tid.

Trafikken som planområdet vil generere vil vera knytt til levering og henting i barnehagen, samt tilsette i barnehagen. Ny utbygging i området vil føre til meir trafikk, og følgeleg støy, men er ikkje av eit slikt omfang at det krev tiltak. Auke i ÅDT er berekna til i underkant av 200 kjt/d.

Utbygging av området til bruk som barnehage vil auka trafikkmengda i første del av Rossnesvegen. Det er lite anna aktivitet i denne delen av vegen. Kryssområde med Sandvikvegen og standarden på Rossnesvegen er dimensjonert for å ta denne ekstra auken i trafikkmengda. Det må etablerast ei ny avkøyrsløse inn til barnehagen, her er det tatt høgde for svingradius, stigningstilhøve og siktforhold i høve handbok N100.

Tilhøva til parkering internt på området er organisert med parkering for tilsett lengst ut mot Rossnesvegen, og henting/bringning av barn er tenkt organisert med ei rundkøyring. Her vert det og plass til varelevering og renovasjonskøyretøy. Det er lagt opp til gangareal for sikker tilkomst til barnehageporten, og for at gåande frå parkering til port er sikra eit trygt areal. Det er og satt av plass til sykkelparkering.

Tilhøva til mjuke trafikantar må oppgraderast i området. Barnehagen treng trafikksikre løysingar når dei skal ut på tur i nærområdet. Det vert difor viktig å få opparbeida fortau frå barnehagen og til eksisterande gang- og sykkeltilbod. Det må etablerast fortau frå ny avkøyrsløse til barnehagen, langs nordsida av Rossnesvegen sør til det etablerte kryssingspunktet. Dette vil vera ein trafikksikker løysing for barnehagen når dei skal til

idrettsbanen og opp i Storhaug-området. Dette vil og vera aktuell veg om ein skal vidare ned mot bibliotek/kulturbygget og sentrum i Fitjar.

Foreldre som skal levera ungar i barnehagen til fots eller med sykkel vil stort sett koma frå nærområda, og dei fleste bustadområda ligg slik til at dei fleste då kjem frå sør. Det vil då vera gode interne vegar gjennom bustadfeltet Bakken, kryssing i gangfeltet på toppen av Rossnesvegen, for så å nytta seg av nytt fortau langs vegen ned mot barnehagen.

For dei som evt. kjem til barnehagen med kollektivtransport er det tilrettelagt med gang- og sykkelveg på sørsida av Rossnesvegen. Dette tilseier at ein då enten må kryssa Rossnesvegen i svingen, ved ny avkøyrse til barnehagen, eller ein kan nytta etablert gangfelt på toppen av bakken, og gå langs nord-sida ned att til barnehagen. Dette vil utgjera om lag 300 meter ekstra.

Konklusjon

Planframlegget vil gje ei auke i trafikkmengda på første del av Rossnesvegen. Vegen er dimensjonert for å ta denne auka i trafikkmengda, då det ved planlegging av Rossnesfeltet var sett av areal til barnehage lengre inne i feltet. Det vil verta etablert ei ny avkøyring til barnehagen, denne vil liggja i yttersving i Rossnesvegen, og få gode sikt og stigningstilhøve. Det er sikra fortau frå eksisterande kryssingspunkt i Rossnesvegen og fram til barnehagen.

Utbygging av området er vurdert til å ha liten negativ (-) konsekvens for tema trafikk/tilkomst.

6.4 Samfunnsverknader

Fitjar kommune har behov for nye barnehageplassar. Etter ei grundig politisk vurdering av eksisterande barnehagar og ulike utvidingsmoglegheit, vart det vedteke at nye barnehageplassar skal koma i den kommunale barnehagen. Det vart gjennomført eit forprosjekt for mogleg utviding av Fitjarstølane barnehage, utført av Multiconsult AS. Denne konkluderer med at ny barnehage på ny tomt vil vera den mest tenlege løysinga for barnehagen. Ein vil då få eit bygg tilpassa dagens og framtidens behov. I tillegg blir bygget i høve nye forskriftskrav som gjer at bygget har betre energieffektivitet, inneklima og universell utforming.

Plassering

I arbeidet med ny samfunnsdel for kommuneplanen og i tidlegare saksutgreiingar har det vore lagt vekt på at behovet for fleire barnehageplassar i hovudsak vil vera i sentrumsnære strøk. Bygging av ny barnehage bør vera i nærleiken av eksisterande og planlagde utbyggingar, dvs. sentrumsnært med lett tilgang med gang- og sykkel og kollektivløysingar.

Lokalisering av ny kommunal barnehagen har vore oppe til politisk avklaring med utgreiing av ulike alternativ. Lokalitetane vart vurdert ut frå: brukarperspektivet (born og tilsette), foreldreperspektivet, samfunns-perspektivet og miljøperspektivet.

Dei ulike alternativa som var vurdert:

Lokalisering		Perspektiv	Verdi	Rangering
Rosneset	Tomta har gode kvalitetar når det gjeld sol og uteareal. Særs god tilgang til attraktive grøntområde og nærleik til sjø. Lokaliseringa ligg fint til i høve bustad-konsentrasjonar og vil bidra til bulyst i området. Stør i mindre grad opp om sentrumsutvikling og	Barn	++	3
		Foreldre	-	
		Samfunn	-	

	barnehageplan, samt grønn mobilitet. Det er eksisterende barnehage i område.	Miljø	-	
Sentrum	Tomta har gode kvalitetar når det gjeld sol og uteareal. Kort avstand til bibliotek, basseng, leikeplassar og andre sentrumsfasilitetar som kan nyttast som aktivitetar for brukarane av barnehagen. Lokaliseringa stør opp om kommunen sine målsetnader om å styrka sentrum, sentrumsnære barnehageplassar, sambruk og grønn mobilitet.	Barn	+	1
		Foreldre	++	
		Samfunn	++	
		Miljø	+	
Midtfjellet	Tomta har gode kvalitetar i forhold til tilgang på friområde og skog. Lokalklima og terreng er tilfredsstillande. Avstand til aktivitetar og målpunkt for brukarane av barnehagen er noko lang. Lokaliseringa stør i liten grad opp om kommunen sine målsetnader om sentrumsutvikling, barnehageplan og grønn mobilitet.	Barn	-	5
		Foreldre	+	
		Samfunn	--	
		Miljø	-	
Ved innkøyringa til Rossneset	Tomta har gode kvalitetar når det gjeld sol og uteareal. Særs god tilgang til attraktive grøntområde. Lokaliseringa ligg fint til i høve bustad-konsentrasjonar, og det er noko nærleik til sentrum. Tilkomst for foreldre er god. Stør i mindre grad opp om sentrumsutvikling og barnehageplan. Det er eksisterende barnehage i nærområde.	Barn	++	2
		Foreldre	+	
		Samfunn	-	
		Miljø	-	
Aust for bom - Midtfjellet	Tomta har gode kvalitetar i forhold til tilgang på friområde og skog. Lokalklima og terreng er tilfredsstillande. Avstand til aktivitetar og målpunkt for brukarane av barnehagen er noko lang. Lokaliseringa stør i liten grad opp om kommunen sine målsetnader om sentrumsutvikling, barnehageplan og grønn mobilitet.	Barn	+	4
		Foreldre	+	
		Samfunn	--	
		Miljø	-	

Vald plassering vart rangert som prioritet nr. 2 i utgreiinga. Ved politisk handsaming var fleirtalet samde om å gå for vald løysing, vedtak i møtet 28.04.2021, PS 21/21:

«Ny, kommunal barnehage med plass til inntil 61 barn vert plassert ved innkøyringa til Rossneset, aust for Storhaugen.»

Grønn mobilitet

Frå Fitjar kommune sin samfunnsdel: *Grønn mobilitet er miljømessig, økonomisk og sosialt berekraftig transport med fokus på brukaren. Den omvendte transportpyramiden illustrerer kva reisemetodar ein bør satsa på i eit miljø- og samfunnsperspektiv generelt.*

For at Fitjar kommune skal nå klimamåla, må ein i denne planperioden leggje til rette for redusert transportbehov, auka bruk av gang, sykkel og kollektivtransport samt deletransport og redusert bruk av privatbil. Omstillinga bør handterast gjennom ei brei samfunnsmessig innovasjonsprosess som omfattar både offentleg sektor, næringsliv, frivillige organisasjonar, innbyggjarane og forskingsmiljø.

Det er størst potensial for utsleppsreduksjon ved å redusere trongen for transport. I praksis betyr dette å fortette og utvikle ei attraktivt sentrumskjeerne samt sentrumsnære områder. Elles i kommunen er potensialet

for å redusere klimagassutslepp i stor grad knytt til tiltak som effektiviserer bilbruken, ved å gå fra fossildrivne bilar til elbilar og betre kollektive løysingar t.d. bestillingsruter eller ringbuss. I partnerskap mellom det offentlege og private er, og vert, det bygd ut ladestasjonar for elbilar i Fitjar sentrum.

Prinsipp for arealutvikling og utbygging:

- *Den omvendte transportpyramiden vert lagt til grunn for prioriteringar knytt til arealplanlegging og utbygging (overordna prinsipp).*
- *Store arbeidsplassar og besøksintensive verksemder skal lokalisert slik at transportbehovet vert redusert. Talet på parkeringsplassar i sentrum skal vera tilfredsstillande for å sikra tilgjenge til handelsnæringa og stimulere til lokal handel*

Den valde plasseringa ligg sentralt i høve større bustadkonsentrasjonar i Fitjar kommune. Bustadfeltet Fitjarstølane, Bakken og Rossnesfeltet ligg i gangavstand til området. Det er nært opp til idrettsplass og turområde, samt kort veg til sjø. Om barnehagen skal på tur til kulturhuset er dette om lag 1,1 km å gå, til sentrum er det om lag 1,6 km å gå. Plasseringa ligg og slik til rette at det er mogleg å koma seg hit med kollektivtrafikk. Det er rett i overkant av 300 meter til haldeplass ved fv. 545.

Turområde/bruk

Nært opp til barnehageplasseringa ligg eit turområde – Storhaugen. Her er det opparbeida stiar og mindre plassar for leik og utfolding i naturen. Området strekk seg frå idrettsplassen og ut til Rossnes. Det går stiar ned mot sjøen og ein kan kome seg ned til Breivika. Stiane i turområdet leiar og til opparbeida leikeareal i Rossnesfeltet. Det er mange moglegheiter her for både dei minste borna, og dei eldste. Ein kan variera lengde og opplevingane på turane.

Området ved Storhaugen er i dag mykje brukt av Fitjar soknerådsbarnehage. Dei har opparbeida sine egne små samlingsplassar i området. Det er likevel mogleg å etablere nye mindre samlingspunkt utan å vera til hinder for einannan. Turområdet er stort med fleire små turstiar på kryss og tvers, og det er mykje skogsområde rundt som gjer at det er mogleg å opparbeida mindre skjerma samlingsplassar. Ut mot Rossnes er det og store skogsområde som ikkje er nytta i like stor grad.

Plassering i høve nærliggjande barnehage

Den nye barnehagen vil liggja om lag 300 meter nord for eksisterande barnehage, Fitjar soknerådsbarnehage. På området mellom barnehagane er det eit etablert idrettsanlegg. Barnehagane vil få stort sett same nærrområde og nærturområde. Det vert større belastning på kryssområdet, og første del av Rossnesvegen ved etablering av ny barnehage. Dette er likevel den delen av vegen som har minst trafikk av mjuke trafikantar då mykje av gang- og sykkeltrafikken mot sentrum vil gå internt og på alternative ruter ned mot Havnavegen.

Konklusjon

Val av plassering for ny barnehage er tidlegare politisk handsama, og ikkje ein del av dette planarbeidet. Den valde plasseringa ligg fint til i høve store bustadkonsentrasjonar i kommunen, og mykje av framtidig utbygging vil koma i Rossnesfeltet og i sentrumsnære strøk. Plasseringa står ikkje fullt ut opp om sentrumsplanen og barnehageplanen. Men den er likevel meir sentrumsnær enn dei fleste alternative plasseringane som vart vurdert. Det ligg godt til rette for at både tilsette og born i nærleiken kan nå barnehagen ved bruk av gange- eller sykkel. Plasseringa ligg og i tilknytning til ei hovudfartsåre i samband med arbeidsreiser for føresette.

Vegnettet i området er dimensjonert til å ta opp den auka trafikken, dette med bakgrunn i at det under planlegging av Rossneset bustadområde vart planlagt med ei barnehagetomt lengst inne i området.

Ny barnehage i dette området kjem nært opp til eksisterande barnehage, Fitjar soknerådsbarnehage. Dette vil truleg merkast i høve nærturområdet Storhaugen. Dette området har mange opparbeida stiar og mindre samlingsplassar. Den eksisterande barnehagen har sjølvstøtt «sine» område som dei nyttar seg av, og den nye barnehagen vil naturleg finne «sine» plassar. Det er store gode areal i området til at begge dei to barnehagane

kan få utfolda seg i skogs- og turområdet. Den nye barnehagen ligg lengre mot nord, og vil naturleg ha lettare tilgang til nordre del av skogen, og områda ned mot Breidvika.

Fitjar kommune har behov for ny barnehage. Barnehagen si lokalisering er relativt sentralt i høve veg, turområde, bustadkonsentrasjon samt nærleik til sentrum.

Det er lite moglegheiter for ekspansjon ved eksisterande barnehage. Forprosjektet konkluderer med at nytt bygg på ny tomt vil vera den mest tenlege løysinga for barnehagen. Ny lokalisering er dermed einaste alternativ og politisk fleirtal valde, med bakgrunn i tomtstudie, innkøringa til Rossneset som beste plasseringa av ny barnehage.

Bygging av ny barnehage på tomta vil ha positiv (+ +) konsekvens for tema samfunnsverknadar.

7 Verknader av planframlegget

I dette kapitlet vert ulike verknader og konsekvensar av gjennomføring av planframlegget vurdert. Plantema som er gjenstand for formell konsekvensutgreiing er handsama i førre kapittel.

7.1 Overordna planar

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Retningslinjene gjev at ein skal sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar.

Det skal synast særskilt merksemd for følgjande:

- Areal og anlegg som skal nyttas av born og unge skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.
- I nærmiljøet skal det finnast areal der born og unge kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala:
 - er store nok og eignar seg for leik og opphald
 - gir mogleik for ulike type leik på ulike årstider
 - kan nyttas av ulike aldersgrupper, og gir mogleik for samhandling mellom barn, unge og vaksne
- Kommunen skal avsette tilstrekkelege, store nok og eigna areal til barnehagar
- Ved omdisponering av areal som i planar er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal.

Vurdering av planframlegget:

Ny barnehage ligg i eit område som gir gode tilhøve for å sikre borna mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Området rundt barnehagen gir gode moglegheiter for utfolding i organiserte omgjevnadar og i meir frie og urørte naturområde. Borna har moglegheit for å skape eigne leikemiljø, og området gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider. RPR for barn og unge er lagt til grunn ved val av plassering ny barnehage.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026

Planen definerer Fitjar sentrum som eit kommunesenter.

«Senter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester. Ein liten tettstad kan vere eit viktig senter fordi den inneheld senterfunksjonar. Sentrumsområdet er det arealet senterfunksjonane er lokalisert innanfor.»

«Føresetnaden for at eit senter skal fungere optimalt er at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor ein gangbar kjerne. Kva som er gangbar kjerne har med avstand og utstrekning å gjere. Gangavstand er eit stabilt omgrep som varierer lite over tid. Store avstandar fører til at senteret i praksis blir delt og at ein nyttar bil mellom ulike funksjonar.»

«I tettstaden rundt eit senter blir gåavstand gjerne rekna som 1 km og sykkellavstand som 5 km.»

Den regionale planen gjev retningsgivande prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester. Det er her definert at barnehage bør etablerast i lokalsenter eller nærsenter.

Vurdering av planframlegget:

Plassering av ny barnehage ligg innanfor 1 km frå tettstadavgrensinga, og er såleis i tråd med Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026.

Samfunnsdelen i kommuneplanen 2020 – 2040

Samfunnsdelen definerer Fitjar sentrum som kommunesenteret og det naturlege «lokomotivet» i Fitjar. I kommunesenteret er eit stort fleirtal av innbyggjarane i kommunen busette og her ligg dei fleste service-institusjonane i bygda. Sentrumskjerne er definert frå Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB) til krysset ved området til Engevik & Tislevoll AS. Ca 60 % av innbyggjarane i Fitjar bur i ein avstand på under 2 km frå sentrum.

Prinsipp for arealutvikling og utbygging:

- Den omvendte transportpyramiden vert lagt til grunn
- Store arbeidsplassar og besøksintensive verksemdar plasserast slik at transportbehovet vert redusert
- Lokalisering av kommunale tenester, funksjonar og arbeidsplassar skal vere eit førebilete når det gjeld å bidra til å redusere transportbehov og gje god tilgjenge utan bruk av privatbil

Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp i tråd med nasjonale krav, ha ambisiøse klimamål i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat, og sikre berekraftig arealforvaltning.

Vurdering av planframlegget:

Plassering av ny barnehage bygger opp om måla i samfunnsdelen ved at lokaliseringa er sentrumsnær og ligg i tilknytning til store bustadlokasjonar. Det vert lagt til rette for gode gang- og sykkelamband til området, og det er kort avstand til kollektivtransport. Det vert lagt føringar i planen for å få ein barnehage som er miljøvenleg og med smart drift, det er sett krav om passivhus-standard på bygget.

Barnehageplanen 2020 – 2030

«Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing.»

Fitjar har 5 barnehagar, desse har ulik profil og storleik, den minste har 18 plassar, den største har 79 plassar. Det er 1 kommunal og 4 private barnehagar i Fitjar. Barnehagane i Fitjar har eit gjennomsnittleg leike- og opphaldsareal per barn på 5,5 m², dette er innafor arealnorma. Det er berre ein barnehage i Fitjar som er universelt utforma. Dei andre barnehagane held til i eldre bygg som ikkje er renovert dei siste 10 åra.

Framskrivningstala for Fitjar syner ein liten nedgang i talet på barn fram til 2024, for deretter ei lita auke. Det vil derfor vera behov for plass til om lag 10 fleire barn i planperioden. Barnehageplanen 2020 – 2030 konkluderer med at Fitjar bør ha ein kommunal barnehage med tydelege pedagogiske føringar og ei effektiv drift. Dei fleste nye bustadane vil bli bygde i sentrumsnære strøk, av den grunn vil det vera naturleg å auka barnehagekapasiteten i sentrum. Dette bør skje ved ei utbygging av den kommunale Fitjarstølane barnehage, der ein tek høgde for areal med ei kapasitetsauke på 25 barn frå dagens nivå.

Føringar i arkitektkonkurransen

Det skal byggjast ein trygg og framtidsretta miljøvennleg barnehage med eit spanande inne- og utemiljø. Bygget skal vera tilgjengeleg for alle, og det skal vera tilrettelagt og mogleg for alle å halde på med tilnærma lik type aktivitet, inne som ute. Universell utforming skal integrerast på ein måte som skal opplevast naturleg, og gjere bygget meir sanseleg og interessant for alle.

Det skal takast energi- og miljøvennlege omsyn ved oppreising av nybygg, og naturressursane skal nyttast slik at det bidreg til å redusere bygget si klimabelasting. Barnehagen skal byggast som passivhus.

7.2 Landskap/terreng

Viser til kap. 4.1.

Planlegging av barnehagen har teke utgangspunkt i den skogkledd tomte. Bygningen tilpassar seg terrenget mest mogleg og nyttar kvalitetane som ligg i tomte. Det er søkt å nå ein massebalanse som gjer at ein ikkje treng å fylle opp meir massar enn det som ein må fjerne med omsyn til bygg og uteareal. Bygning og uteareal er lagt der ein treng minst flytting av massar for å få dei funksjonane ein treng på same nivå. I tillegg er delar av tomte framleis naturtomt slik at det er mogleg å bevege seg i skogen som den er, med dei kvalitetane dette gjev.




Figur 35 Fasade nord-aust, kjelde vis-a-vis

7.3 Staden sin karakter

Området der barnehagen er plassert er eit landbruksområde som tidlegare har vore i bruk som innmarksbeite. Det ligg i ei nordvendt skråning med mindre kollar. Kollane er gjengrodd med skog, og det har i den siste tida vokse opp mykje småskog og kratt innimellom kollane. Området ber preg av at det ikkje har vore nytta i seinare tid, og står i fare for å verta eit gjengrodd areal. Området vert oppfatta som eit bufferområde mellom utbyggingsareal og landbruksområda i Breidvika.

Det er teke utgangspunkt i å nytte bygningen i seg sjølv som ein skjerm for veret frå nord og nordaust, mens ein kolle i vest skjermar for veret frå vest. Det er teke omsyn til siktlinjer i barnehagen, for å bringe skogen og dei flotte furutrea visuelt inn i barnehagen.



Figur 36 Prinsipp for plassering av bygg på tomte Kjelde:

7.4 Utforming og estetikk

Det er eit mål å nytta mest mogeleg miljøvenlege materiale. Kledning på vegger og tak utvendig er tenkt i tre. Modifisert trevirke gjer at vedlikehald blir enklare og det er økonomisk i lengda. Vindauga er tenkt i tre, kledd med aluminium utvendig for enklast vedlikehald.



Figur 37: Illustrasjon av bygget, sett frå sørvest, vis-a-vis

7.5 Eigedomssinngrep

Fitjar kommune har inngått avtale om kjøp av eigedom. Arealet føl eigedomsgrensene i nord og aust.

7.6 Omsyn til naboar

Det er ingen naboar i nærleiken som vert påverka av tiltaket i høve nærverknader i samband med tap av utsikt og soltilhøve. Landbrukseigedom i nord, som er i aktiv drift, kan verta påverka av etablering av barnehage i nærområdet. Det er difor teke omsyn til dette ved plassering av barnehagebygg og uteområde. Arealet nærast dyrka mark er regulert til LNF-areal med buffersoner på dei næraste 20 meterane. Dette vil gjera at drifta av dyrka mark ikkje treng å ta omsyn til tekniske avgrensingar for mellom anna spreing av husdyrgjødsel, kjemisk ugraskontroll og hausteoperasjonar i grasproduksjonen.

Frå Breidvika og området langs fylkesvegen ber området i dag preg av å vera eit skogsområde. Fjernverknadane av tiltaket vil vera små då bygningen vert lagt i landskapet, og berre er prosjektert med ein etasje. Storhaugen ligg i bakkant av området, og reiser seg opp mot sør-vest. Bygget vil difor verta lite dominerande i terrenget, og mykje av naturområdet og skogen på tomta skal takast vare på.

7.7 Kulturminne og kulturmiljø

Viser til kap. 4.4. Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø, SEFRAK-registrerte bygningar eller verna bygningar innanfor planavgrensinga. Det er registrert ein steingard i eigedomsgrensa i aust. Det skal ikkje gjerast inngrep i dette området.

I Breidvika nord for området er det registrert eit Kystgardsmiljø med våningshus frå ca. 1850 og røykstove frå 1600-talet, desse er kommunalt listeført. Om lag 350 meter sør for området er det registrert eit automatisk freda arkeologisk gravminne frå bronsealder – jernalder.

Desse bygningane og arkeologiske minna vil ikkje verta påverka av planforslaget.

7.8 Naturmangfald

Naturmangfaldlova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnadar ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

Utbygging innanfor planområdet vil i hovudsakleg ha verknad på naturmangfald gjennom arealbeslag og terrenginngrep. Området ligg i utkanten av eit større registrert yngleområdet for Fiskemåke. Ein vurderer at tiltaket vil ha mindre innverknad på yngleområdet då det allereie er tiltak som veg, bustadbygningar og turområde innanfor området. Ein vurderer potensialet for å finne særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse til å vera lågt, og artssamansetnaden innanfor planområdet til å vera generelt vanleg for regionen. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade som følgje av planframlegget, ser me kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg, jf. nml. § 8. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at om ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjerla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderingar vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjerla rører ved naturmangfald, går ein vidare og vurderer dei andre miljørettslege prinsippa. Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilde vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar. Det er likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa under.


Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. kapittel 2.2. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap, og risiko for skade av tiltaka, er det ikkje gjennomført nye undersøkingar av naturmangfaldet i samband med plansaka, jf. nml. § 8. Følgeleg får ikkje føre-var-prinsippet anvending, jf. nml. § 9. Vidare er det lite usikkerheit kring planane for plassering av nye tiltak, NML § 8 og 9. Vi er ikkje kjende med komande arealplanar i nærleiken av planområdet, og prinsippet om samla belastning i nml. § 10 blir tillagt mindre vekt. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12.

Etter ei samla vurdering vurderer ein at planen og tiltak etter den til ikkje å vere i konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova § 8-12.

7.9 Rekreasjonsinteresser/friluftsliv

Viser til kap. 4.6. Planområdet ligg i eit naturterreng med tilgrensande skogs- og jordbruksareal. Det er lagt vekt på å bevare delar av tomtearealet som naturterreng der ein tek vare på naturleg vegetasjon. Området gir god moglegheit for å oppleve urørt natur, og å la barna skape sine egne naturleikplassar i naturen. Området har nærliggjande areal til bruk for utflukter i skogsområde og til sjø.

Planområdet ligg i eit område som grensar opp mot eit kartlagt friluftslivsområde. Delar av planområdet i sør går inn i delar av friluftsområdet. Dette området er eit naturterreng med svært viktig områdeverdi. Området består av skogsområde med stiar, rasteplassar og eit friluftskonsulat.



Figur 38: Utsnitt som syner kor planområdet går inn i kartlagd friluftslivsområde

Vi vurderer at delen av det kartlagde friluftslivsområdet som strekk seg inn i planområdet har avgrensa verdi som friluftsområde, då det her er regulert veg med sideareal. Denne delen av området gir tilkomst til friluftsområdet, og ei tilrettelegging med fortau langs vegen i dette området vil gjera området meir tilgjengeleg med ei trafiksikker tilkomst for den nye barnehagen. Det vil og gjera tilkomst til barnehagen tryggare for mjuke trafikantar generelt.

Vi vurderer at etablering av fortau langs Rossnesvegen på dette strekket ikkje vil ha negativ innverknad på det kartlagde friluftslivsområdet då dette ligg i utkanten av området, og i dag er nytta til veg med tilhøyrande sideareal.

7.10 Uteområde

Det er areala nærast bygningskroppen som er tenkt nytta i den daglege aktiviteten til barnehagen. Her er området tenkt organisert i tre ulike soner. Lenger vekk frå bygget er det areal som skog og naturområde som og kan nyttast til aktiv leik og fri utfolding.

På nordsida av bygget er det tenkt å etablere ein «Skogscamp». Herifrå er det utsikt til sjøen i nord og til den skogkledde åsen mot nordvest. I aust er det utsikt til Midtfjellet vindpark med sine vindmøller. Det er planlagt ein lavvo som er fin å nytta på ruskete dagar, med bål plass utanfor. Terrenget er mest mogleg bevart i området, men ein sti gjer området universelt tilgjengeleg.




Figur 39: Utsnitt frå situasjonsplan, Kjelde: vis-a-vis

Dette området gir naturleg tilgang til skogen som kan fungere som leikeplass med moglegheit for oppheng av hengekøyer, klatring i trær, samle pinnar og kongler og ta med til aktivitetar i lavvoen eller i verkstaden i barnehagen. Utanfor gjerdet i vest kan ein ha ekspedisjon heilt ut på Rossneset, då det er eit samanhengande skogsdrag heilt ut mot havet i nordvest.


Området kalla «Leikeplassen» ligg inntil dei to basane, lengst mot vest, i tilknytning til småbarnsbasen. Her er det moglegheit til å avgrense området med gjerde om ynskjeleg. I området er det planlagt for sandkasse, humpedisje, rutsjebane i terrenget og ei hytte av piletre samt nokre større steinar og stokkar som kan vera alt frå sjørøvarskip til buss og fly.

Ved inngangspartiet er det planlagt leikekjøkken og moglegheiter til å ha serveringsdisk i skjermveggen ved inngangen til avdelingane. Det er og planlagt for ein liten nedsenking i asfalten som gjer at det samlast litt vatn der ved nedbør. Nokre større steinar kan fungere som øyer og sitjeplassar, eller båtar.



Figur 40: Utsnitt frå situasjonsplanen, Kjelde: vis-a-vis

«Aktivitetstorget» ligg ved dei to basane i sør-aust. Her er det ei sykkelløype, stokkar, disse, humpedisse, sandkasse og balansebom. Ved sykkelløypa kan man trene på trafikkreglar, og det kan lagast fartshumpar eller som ein «pumptrack.»



Figur 41: Utsnitt frå situasjonsplanen, Kjelde: vis-a-vis

Inntil bygget er det ei flate, som er verdifull på solrike dagar. Det står eit tuntre i samanheng med treplattingen, kor ein kan både sitje og slappe av under og leike ved. Området er og mogleg å gjerde inn ved behov.

Det er og plass til å opparbeida eit amfi i området utanfor veksthuset og overbygd sitjeplass ved kjøkken/fellesrommet. Elles er det meste av arealet bevart som naturtomt med naturleg vegetasjon.

Vi vurderer at det i uteområdet er lagt opp til varierte aktivitetar og rom for mykje leik i organiserte og uorganiserte areal. Det er eit fint samspel mellom opparbeida leikeareal og tilgrensande naturområde. Det er og lagt til rette for gode sitjeplassar på lune og solrike stadar. Området er organisert og tilrettelagt for universell utforming slik at alle kan ta del i dei ulike aktivitetane. Tilgrensande naturområde kan verta noko utilgjengeleg for personar med nedsett bevegelse, men delar av områda ved skogscampen kan nyttast. Storleik i høve normer?

7.11 Universell utforming og menneske med nedsett funksjonsevne

Prinsippa for universell utforming er lagt til grunn for utarbeiding av barnehagebygget og uteområdet. Tanken bak utforminga er at området skal kunne brukast av alle utan spesiell tilpassing. Ved søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis universell utforming vert ivareteke. Hovudgangsamband og andre gangsamband med offentleg funksjon skal vera trinnfrie og ha maks. stigning i samsvar med teknisk forskrift. Det er sett krav om maks 6 % stigning på interne gangvegar.

7.12 Folkehelse

Folkehelsearbeid skal bidra til fleire leveår og betre levekår for befolkninga, for å jamne ut sosiale helseskilnader og til å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle. Tidleg oppleving av meistring og tilhøyrslø, og etablering av sunne levevanar er helsefremjande og kan redusere helseforskjellar i vaksen alder. Gode og trygge uteareal verkar positivt på den fysiske, psykiske og sosiale utviklinga hos barn. Leikeplassar og område for fri leik både i nærmiljøet og rundt barnehagar og skular er av verdi for oppvekstvilkåra. Barnehagar skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.

Barn og unge skal ha moglegheit til å verta kjent med det mangfaldet av ulike aktivitetar og møteplassar som samla er med på å fremja folkehelsa:

- Møteplassar (barn, unge og eldre)
- Opplevingar/sanseinntrykk (ulike naturtypar, arkitektur, form, farge, kino, teater, kultur etc.)
- Varierte aktivitetar sanse, lytte, lese, hoppe, spring, rulle
- Leik i uteområde, skog, mark, park, idrettsanlegg, nærmiljø
- Mangfald i tilgang til sjø, skog, leikeareal, bibliotek, symjebasseng, historiske stadar m.m.

Vi vurderer at plassering og opparbeiding av barnehage innanfor planområdet vil bidra til å sette gode og trygge rammar for barna i barnehagen. Det er sett av plass til trygg og trafikk sikker tilkomst og god infrastruktur opp mot eksisterande veg- og gangnett. Arealet ligg nært opp til turområde i skog og til sjønære område, det er lagt til rette for varierte aktivitetar og opplevingar i barnehagen sitt uteområdet. Delar av barnehagearealet skal bevarast som naturområde, og skogen vert eit forlenga leikeområde.

7.13 Energibehov- og forbruk

Barnehagebygget er prosjektert som eit passivhus. Dette minimerer behovet for oppvarming. Ventilasjonsløyninga er basert på varmegjenvinning. Oppvarmingssystemet er primært basert på vatn varma opp frå bergvarme, som ei fornybar kjelde. Det er tenkt el-kjel for spiss-last.

Der det er naudsynt vil det vera solskjerming for vindauga.

7.14 ROS

Viser til kap. 4.16 og 5.13. I ROS-analysen vart det vurdert ulike hendingar og situasjonar.

ROS-analysen er tilpassa det planleggingsnivået som eit reguleringsforslag representerer, i denne saka ei detaljregulering av ny barnehage. ROS-analysen er gjennomført med utgangspunkt i registreringar i kjente

databasar, samt at Fitjar kommune har bistått med lokalkunnskap. Det er ikkje gjennomført nye kartleggingar eller undersøkingar i samband med planarbeidet.

Type hending	Kategori	Uønskte hendingar	Nr	Vurdering	Helse og liv	Stabilitet	Ytre miljø	Materielle verdjar
Naturhendingar	Ekstremvær	Sterk vind	1	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området. Nye bygningar og anlegg skal førast opp etter krav sett i TEK17.				
		Store nedbørs- mengder	2	Planframlegget gir meir harde flater i området etter utbygging. Overvasshandtering til naturleg tilgrensande terreng med drenerande massar.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Springflo/ stormflo	3	Ikkje relevant				
	Flaumfare	Flom i elv/bekk	4	Det går ikkje elv/vassdrag gjennom eller i nærleiken av området.				
		Flom i vassdrag/ innsjø	5	Sjå punkt 4 over. Det er ikkje innsjø i planområdet.				
		Urban flaum/ overvasshand- tering	6	Det vert meir harde flater i planområdet etter utbygging, men faren for urban flaum er vurdert som liten då overvasshandtering til drenerande masser er god, og området ligg i eit skrånande terreng med godt avrenning. Ein del av uteområdet vil bestå av naturleg terreng. Delar av området vert nytta til parkering.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Springflo/ Stormflo	7	Ikkje relevant				
	Skredfare	Steinsprang	8	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Lausmasseskred	9	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Is og snøskred	10	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Kvikkleireskred	11	Det vil bli gjennomført inngrep i terrenget, som kan endre områdestabiliteten. Innanfor området kan det finnast marin leire, då området ligg under marin grense. Sjå kap 4.13.1 Bygningen skal plasserast i område med fjell i dagen, parkeringsareal er planlagt i mogleg ustabil område.	3.3	3.2	3.2	3.3
Andre uønskt hendingar	Byggegrunn	Setningar og utglidingar	12	Det kan verta etablert mindre fyllingar eller murar innanfor planområdet. TEK17 og pbl sikrar at tiltak skal prosjekterast og utførast slik at eksterne område eller tiltak ikkje skal verta utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe.	4.1	4.1	4.1	4.1
		Forureina grunn	13	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Radon	14	TEK17 stiller krav til at bygningar vert prosjektert og utført med radonførebyggjande tiltak slik at innstrauming av radon frå grunn vert avgrensa.	2.1	2.1	2.1	2.1
	Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	16	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
		Badevatn, fiske- vatn, vassdrag o.l.	17	Ikkje relevant				

	Nedbørsfelt	18	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
	Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
	Stråling	20	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området				
	Støy	21	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området då det ikkje er planlagt for støyande verksemd.				
Transport	Ulykker på veg	22	Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker. Ny avkøyning er dimensjonert etter krav i SVV handbok N100. Meir trafikk kan føre til større sannsyn for ulykker. Det er regulert fortau fram til eksisterande kryssingspunkt	2.2	2.1	2.1	2.2
	Ulykker på bane, luft og sjø	23	Ikkje relevant				
	Utslepp av farleg stoff	24	Planframlegget endrar ikkje tilhøva i området då det ikkje er planlagt verksemd som driv med farleg stoff.				
	Støy	25	Planframleggetvil kunne medføre meir trafikk til og frå planområdet. Det er lite sannsynleg at utslag av auka trafikkmengd vil påverke eksisterande støyvarselkart. Planområdet er ikkje innanfor raud og gul støysone (H210 og H220) langs fv. 545, iht. T-1442.	3.1	3.1	3.1	3.1
Næringsverksemd	Utslepp av farleg stoff	26	Ikkje relevant				
	Akutt forureining	27	Ikkje relevant				
	Brann, eksplosjon i industri	28	Ikkje relevant				
Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	29	Det er noko vegetasjon i nærområdet til planområdet, og det er såleis ei generell fare for skog- og vegetasjonsbrann. Det er ikkje planlagt verksemd som vil auke sannsyn for skog- og vegetasjonsbrann.	3.1	3.1	3.2	3.1
	Brannfare i bygningar	30	Planframlegget endrar tilhøva i området, men oppføring av nye bygg skal følgje byggtkniske krav i TEK17. Det er ikkje planlagt verksemd som er vurdert å vera særleg utsett for brann. Det er langt til andre bygningar i området. Det er ei generell fare for at brann kan oppstå.	2.1	2.1	2.1	2.2
Eksplisjonsfare	Eksplisjon i industriverksemd	31	Ikkje relevant				
Beredskap	Brann	32	Fitjar brannstasjon ligg i Årskog, om lag 1,3 km nord for planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar.				
	Ambulanse	33	Planområdet vert dekkja av Sunnhordland interkommunale legevakt på Stord. Næraste sjukehus ligg på Stord. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpsetatar.				

Formålet med risikoanalysen er å innarbeide risikoreduserande og skadeavgrensande tiltak i reguleringsplanen. I tillegg, at risikoanalysen syner punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljprosjektering av tiltaka og i det vidare arbeidet. Det er ei viss usikkerheit i analysane og datakjeldene med utgangspunkt i at det er offentlege og dels overordna datasett som er kjelda i analysen. Særleg er usikkerheita til områdestabilitet (kvikkleire) stor. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår tilråding er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risikovurderingar i gjennomføring av prosjektet, samt at det vert gjennomført geoteknisk vurdering av områdestabilitet før reguleringsplanen vert godkjent. Den innleiande vurderinga av områdestabilitet vil omfatte prosedyre i NVE sin rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», kap.3 steg 1-6. Sikker byggegrunn (pbl § 28-1) mht. fare for områdeskred, vert avklart og dokumentert gjennom prosedyren.

7.15 Teknisk infrastruktur

Vann, avløp og overvasshandtering

Det skal etablerast ein kommunal avløpsspumpeasjon i området for pumping av avløp opp til tilkoplingspunktet ved idrettsbanen. Vasstiltførsel må og koma frå dette punktet. Trase for leidningane vert liggjande i fortausarealet.

Overvasshandtering skal handterast med naturbaserte løysingar, som f.eks ulike typar vatn-leik ved taknedløpa. Det er sett krav i føresegnene til at det skal opparbeidast fordrøyingsanlegg for overvatn i blågrønstrukturen. Dette for at avrenninga frå området ikkje skal verta til skade for kringliggjande LNF-areal. Viser til utarbeida VA-plan for området.

Trafo

Det må etablerast ny nettstasjon/trafokiosk i tilknytning til etablering av ny barnehage. Det er gjeve opning for etablering av nettstasjon/trafo med tilhøyrande leidningsnett for straumforsyning i føresegnene. Ein evt. nettstasjon må etablerast utanfor areal til bruk for leik og opphald for barna i barnehagen.

7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Då det her er planlagt ein kommunal barnehage, og det er Fitjar kommune som står som tiltakshavar, vil planen utløyse økonomiske konsekvensar for Fitjar kommune.

Finansiering av bygget og uteområdet, estimert til om lag 30 mill. er innarbeidd i økonomiplanperioden 2021 – 2024. Midlar til prosjektering er avsett i økonomiplanen 2021, inkludert klimasatsmidlar til ein klimavenleg barnehage og arkitektkonkurranse.

7.17 Interessemotsetningar

I nærområdet er det ein eksisterande barnehage, Fitjar soknerådsbarnehage. Det har tidlegare i handsaminga av plassering av ny kommunal barnehage kome innspel frå barnehagen om uro for bruk av same tur- og nærrområde. Dei skriv i uttale 19.02.2021: *«etter 13 år med drift i Bakken har me erfart at det ikkje er så mange gode boltreplassar når ein skal ta omsyn til avstand frå barnehage, vind, sol, turgårarar m.m.»*

Vi vurderer at nærområdet kring den nye barnehage har mange gode og ulike nærrområde der det vil vera naturleg å etablere samlingsstadar for mindre utflukter. Den nye barnehagen ligg lengre mot nord, og vil naturleg ha lettare tilgang til nordre del av skogen, og områda ned mot Breidvika.

7.18 Avveging av verknader

I dette planarbeidet vert landbruksinteressene sett opp mot samfunnsnyttan av å etablere ein ny barnehage i området. Eit areal på om lag 14 dekar innmarksbeite vil gå tapt. Landbruksområdet i denne delen av kommunen er ikkje ein del av kjerneområdet for landbruk i Fitjar, og arealet er ikkje del av ein landbrukseigedom som er i aktiv bruk. Utbygginga vil ikkje ha stor innverknad på kringliggjande dyrka mark, då barnehageområdet er lagt i eit område som naturleg er avgrensa frå den dyrka marka. Utbygging av området vil likevel føra til at det vert aktivitet nærare opp mot dyrka mark, og vil ha ei negativ konsekvens for landbruksarealet. På den andre sida har Fitjar kommune behov for ny barnehage. Eksisterande kommunal barnehage har plassmangel, og har ikkje areal for utviding. Bygningsmassen er av gamal årgang og ikkje universelt tilrettelagt. Lokalisering av ny barnehagetomt har vore gjennom ei grundig tomtestudie der 5 alternative areal vart vurdert. Plasseringa ligg fint til i høve store bustadkonsentrasjonar, og det ligg godt til rette for at både tilsett og born i nærleiken kan nå barnehagen ved bruk av gange eller sykkel. Plasseringa ligg og i tilknytning til ei av hovudfartsåre i kommunen, samt at det er store gode turområde i nærleiken.

Vi vurderer at den negative konsekvensen for landbruksarealet vert vega opp av den positive konsekvensen som etablering av ny barnehage vil ha for Fitjar kommune.

8 Innkomne merknadar til oppstart

Offentlege høyringsinstansar / foreiningar/ lag

Person/etat, dato Merknad oppsummert	Kommentarar frå tiltakshavar
<p>Statsforvaltaren i Vestland, 09.08.2021:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Føreset at grunnlag og tema for konsekvensutgreiinga blir grundig drøfta i det vidare planarbeidet. -ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og evt. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene. -Alternativ vurderte tomteplassering bør gjerast greie for i konsekvensutgreiinga. -Rettleiande arealnormer for barnehagar må drøftast i konsekvensutgreiingsarbeidet. Konsekvensutgreiings- og planarbeidet må gjera nærare greie for om arealet er eigna for barnehageverksemd. -Planarbeidet må gjere greie for omsynet til landbruk og jordvern. -Det må gå klart fram korleis planarbeidet tek omsyn til universell utforming. -Konsekvensar av klimaendringar for plassering av barnehage, etablering av tilhøyrande infrastruktur, energibruk, klimautslepp, klimaprofil, berekraftige løysingar, trafikk situasjon i planområdet, trafikk løysingar, trafikktryggleik, estimat for auke i persontrafikk må vurderast i samband med planarbeidet. -Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova. Kravet til innhenting av ny informasjon må stå proporsjonalt i høve verknadane, inngrepa og tiltaka som planforslaget legg opp til. -Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar. -Behov for konkrete radonundersøkingar for å fastslå om det er ei reell utfordring innanfor arealet. -Konsekvensutgreiingsarbeidet må gjere nærare greie for verknaden av tiltak og eventuelle verknader på vassførekomst. -Vi føreset at det vert henta inn synspunkt og råd frå ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. -Evt. ny kunnskap som vert henta inn i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet skal systematiserast og leggjast inn i offentlege databasar. 	<p>Teke til orientering Dei ulike tema vil verta gjennomgått og belyst i konsekvensutgreiinga/planomtalen.</p>

<p><u>Vestland fylkeskommune, 06.09.2021:</u></p> <p>Medverknad: Me føreset at planarbeidet framover involverer foreldretutval, samarbeidsutval, tilsette og andre råka partar i prosessen.</p> <p>Areal og transport: Etablering av barnehage vil medføre ein del trafikk i samband med levering og henting. Det vil vera behov for å vurdera trafikktilhøva for dei ulike trafikantgruppene. Dette gjeld særskilt for sentrale kryssingspunkt og tilkomst til parkering og areal for henting og levering. Avstand til nærliggande bustadar og sentrum er kort, og ved hensiktsmessig tilrettelegging vil det vera aktuelt å gå eller sykle for både tilsette og brukarar. Det må leggest til rette for trygg sykkelparkering under tak.</p> <p>Infrastruktur og veg: Planområdet vil ha tilkomst på kommunal veg frå eksisterande kryss på fv. 545. Krysset er greitt dimensjonert, og vil ikkje krevje utbetringar.</p> <p>Kulturarv: Vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium. Ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.</p>	<p>Teke til orientering. Dei ulike tema vil verte belyst i planomtalen.</p> <p>Det har vore medverknad frå ulike brukargrupper i prosessen med tomteval og forarbeid til arkitektkonkurranse.</p>
<p><u>Statens vegvesen, 06.09.2021:</u></p> <p>Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport. Vi ber om at følgjande tema blir teke omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til kommunal/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.) -Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) -Vegtrafikkstøy -Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker <p>Krysset mellom fv. 567 og den kommunale vegen er velregulert når det gjeld utforming i tråd med vegnormalane. Standarden på den kommunale vegen bør vurderast i planarbeidet.</p>	<p>Teke til orientering</p>
<p><u>NVE, 06.09.2021:</u></p> <p>Generelt innspel, rår til å nytte NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan, samt nytte NVE si nettside for arealplanlegging. Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.</p>	<p>Teke til informasjon</p>
<p><u>SFLMK, 31.08.2021:</u></p> <p>Planområdet er lagt til eit landbruksområde. Viktig å ta naudsynte omsyn for drifta i området. Jord som evt. vert greve</p>	<p>Teke til orientering, dei ulike tema vil verta belyst i planomtale, og eventuelle krav og føringar vil verta innlemma i plankart og</p>

<p>vekk, må flyttast til godkjent deponi, eller nyttast til utviding av dyrka mark annan stad i området.</p> <p>Det er viktig med buffersone mellom jordbruksareal og anna formål. Buffersone kan vere friområde eller parkering – min 20 meter avstand frå dyrka mark som vert slått, både til bygning og leikeareal.</p> <p>Er det fare for at tiltaket kan skade naturmangfaldet?</p> <p>Viktig å nytte reine masser om det skal køyrast masse til tiltaksområdet.</p>	<p>føresegner. Det er sett av ei buffersone mot dyrka mark.</p>
<p><u>Haugaland Kraft Nett AS, 19.08.2021:</u></p> <p>Behov for å etablere ein ny nettstasjon/trafokiosk innanfor planområdet.</p> <p>Det bør gå fram av føresegnene at det er tillat å føre opp ny nettstasjon/trafokiosk, kabelskap, og tilhøyrande leidningsnett for straumforsyning innanfor planområdet.</p> <p>Det kan evt., etter avtale med Haugaland kraft Nett, avsetjast eit eigna areal i plankartet til føremålet.</p>	<p>Teke til orientering, og vil verta teke omsyn til ved utarbeiding av plankart og føresegner.</p>

Naboar og andre interessentar

Person/etat, dato Merknad oppsummert	Kommentarar frå tiltakshavar

9 Vedlegg

Føresegner	datert 08.02.2022
Plankart	datert 07.02.2022
Vedlegg	Oppstartsmelding og merknader til planoppstart Vedtak sak PS 21/21, 28.04.2021 Tomtestudie VA-plan datert (ettersendast)